Anton Fjeldstad

FÅR MAN LOV?

Bokpris på norsk

Notat nr 51
Norsk kulturråd, 2003

Norsk kulturråd 2003

Norsk kulturråd - utgreiing
Arbeidsnotat nr 51
ISBN 82-7081-112-2
ISSN 0806-9700

Norsk kulturråd
Grev Wedels plass 1
0151 OSLO
Telefon 22 47 83 30
Telefaks 22 33 40 42
www.kulturrad.no
kultur@kulturrad.dep.no

Opplag: 500
Notatet er tilgjengeleg i pdf-format på Norsk kulturråds heimeside
e-post: kultur@kulturrad.dep.no
www.kulturrad.no

Norsk kulturråds notatserie omfattar skrift som kan ha kulturforskings- og utgreiingsmessig interesse for Norsk kulturråd, for delar av norsk kultur- og samfunnsliv, og for forskarar og utgreiarar på kulturfeltet. Kulturrådet utgir i tillegg ein rapportserie. Notatserien skil seg frå rapportserien ved å vere meir førebels og ha eit meir avgrensa siktemål.

Notatserien blir redigert av utgreiingsseksjonen i Norsk kulturråd og blir gitt ut av Norsk kulturråd. Dei vurderingar og konklusjonar som kjem til uttrykk i notata, står for den einskilde forfattaren si eiga rekning og avspeglar ikkje nødvendigvis oppfatningane til Kulturrådet.

Utgivers forord

Norsk kulturråd gjennomførte i perioden 1999 til 2002 utredningen "Strukturendringer i bokbransjen". Arbeidet ble gjennomført av en referansegruppe oppnevnt av Kulturrådet. Gruppen leverte sin sluttrapport til behandling i rådet i desember 2002 (notat nr 53).

Som en del av grunnlaget for gruppens vurderinger og konklusjoner ble det bestilt til sammen ti delutredninger fra ulike forskere og utredere. Dette notatet rapporterer resultatene fra en av to delutredninger som tar opp spørsmålet om faste og frie bokpriser og det norske bokprisregimets forankring i henholdsvis frivillig bransjeavtale eller lov. Terje Fredriksen behandler temaet i notatet "Den usynlige hånd" eller "lovens lange arm" (notat nr 52) ut fra en forutsetning om at det vil være mulig å opprettholde en frivillig bransjeavtale. Anton Fjeldstad drøfter i dette notatet hva som kan være innholdet i og konsekvensen av en eventuell lov om faste bokpriser, en løsning som kan vurderes som et mulig alternativ til en frivillig avtale.

Begge delutredningene ble referert i sluttrapporten fra "Strukturendringer i bokbransjen" hvor referansegruppen anbefalte at en primært bør opprettholde faste bokpriser basert på en frivillig bransjeavtale. Hvis dette ikke lar seg gjennomføre, bør en i følge gruppen komme tilbake til lovalternativet.

Oslo, mars 2003

Svein Bjørkås
forskningsleder

Forfatterens forord

Dette notatet er ei oppfølging av Norsk kulturråds utgreiing av strukturendringar i bokbransjen. Desse endringane har dei seinaste femten åra gripe så djupt inn i grunndrag ved Bok-Norge at det ikkje er sikkert at den frivillige bransjeavtalen for bokomsetning vil overleve så mykje lenger, trass i at eit stort fleirtal av både bransjefolk og kulturpolitikarar ønskjer å bevare den i ei eller anna form. Om bransjeavtalen skulle ryke for godt, ser det ut til at ein stor del av bokfolket kan tenke seg å halde fast på mest mogleg av det norske bokbransjesystemet ved å innføre ei lov, som framfor alt skal sikre den faste bokprisen. Målet er å trygge det økonomiske grunnlaget for at forlaga skal kunne gi ut gode bøker i stor breidd, og for at eit vidt forgreina nett av gode bokhandlar skal finnast for å selje bøkene til flest muleg lesarar til ein rimeleg pris. Å lage ei slik lov er verken enkelt eller ukontroversielt. Det overordna spørsmålet både for dei som vil ha ei lov, og dei som helst vil vidareføre bransjeavtalen, er om bøker skal ha fast pris eller ikkje. Rapporten *Å sette pris på bøker*, som eg skreiv i 2000 – 2001, var eit første steg mot ei utgreiing om ei bokprislov også i Norge. Denne rapporten inneheld ei beskrivande jamføring av bokprissystema i ein del vesteuropeiske land, både i land som har fast pris og i land med fri pris. Spørsmålet som ligg attom, er heile tida om vi kan lære noko av erfaringane frå andre land.

Den elektroniske utgåva av dette notatet om ei norsk bokprislov finst på Kulturrådet sine heimesider. Den blir innleidd av ei kortare utgåve av *Å sette pris på bøker*, slik at dei som ikkje har lese denne rapporten, kan sjå forslaga for ei norsk lov mot ein bakgrunn av prisregima i Vest-Europa elles. Eit lite avsnitt om bransjeforhold på Island er heilt nyskrive, og den seinaste utviklinga i Nederland og Danmark blir kort omtalt.

Innhaldet og standpunkta i notatet står for utgreiaren si rekning. Fordi notatet først og fremst er til administrativ bruk, er det berre vist til primærkjelder (lover, avtalar o.l.) og ikkje til sekundærlitteratur. Notatet har heller ikkje notar. Sjangeren er altså ikkje forsking, men ei fagleg basert litteraturpolitisk utgreiing.

Oslo, mars 2003

Anton Fjeldstad

INNHALD

Forord 3

1 MED LOV SKAL BRANSJEN BYGGAST?‘ 9

Bransjeavtalen 10

Bransjeavtalen i dag 13

Frivillig avtale eller lov? 16

AAD eller KKD? 17

”Til same pris”? 17

Lov, forskrift, bransjeavtale? 18

Bokhandelen 19

Skolebøkene og den faste bokprisen 21

Allmennlitteraturen 22

Halvfaste eller halvfrie? 22

Bokklubbane i Norge‘ 24

Er bokklubb-bøker billigare? 25

Ebøker og den faste bokprisen 31

Ebøker i framtida 33

2 FORSLAG TIL INNHALD I LOV OG FORSKIFT OM PRISAR PÅ BØKER 34

3 TILLEGG OG TABELLAR 40

Om forfattaren 47

Utgreiinger fra Norsk kulturråd 48

SAMANDRAG

”Bransjeavtalen for omsetning av bøker” pålegg forlaga ei plikt til å bestemme ein fast utsalspris som skal haldast i alle salskanalar i utgivingspret og året etter. Fordi dette fører til eit priskartell, må fastprissystemet ha dispensasjon frå Konkurranselova, og det er det i første hand Konkurransetilsynet som kan innvilge. Dei to siste tiåra er det ikkje tilsynet som har gitt dispensasjonane, men Arbeids- og administrasjonsdepartementet etter anke frå bransjen. Grunnlaget for avgjerdene har vore distriktspolitisk og kulturpolitisk. Det seinaste unntaket gjeld for tidsrommet 1.1. 1999 til 31.12. 2004.

Utgreiaren meiner at fastprisprinsippet og kulturpliktene blir best tatt vare på gjennom ein frivillig bransjeavtale av dagens type, og at ei lov bør bli aktuell berre om det ikkje lykkast å få semje om ein ny avtale, eventuelt at den ikkje får dispensasjon. Ein bokprisavtale bør høre inn under Kultur- og kirkedepartementet, slik det er i andre europeiske fastprisland. Eit regelverk for bokprisar i form av ei formell, offentleg lov bør innehalde overgripande rammer, allmenne og prinsipielle sider ved eit fastprissystem. Ei lov bør kompletterast av ei forskrift med definisjonar, presiseringar og tillegg. Eit tredje element i regelverket bør vere ein bransjeavtale som regulerer handelsvilkåra (forhandlarrabbattar, returrett, frakt, betalingsvilkår osv.) i pakt med lov og forskrift.

I ein gjennomgang av bokhandelens kultrelle rolle foreslår utgreiaren å gjeninnføre lagerplikt i staden for dagens meir uforpliktande, frivillige abonnementsordningar.

Lagerplikta bør, som tidlegare, vere gradert etter omsetninga i bokhandelen. Den nye norske og omsette skjønnlitteraturen (ca. 400 titlar) skal vere på lager hos dei mellomstore og store, og elles gir bokhandlane ein garanti for at dei i alt har inne 1 000/2 000/3 000 (hos resp. små, mellomstore og store) titlar skjønnlitteratur og generell litteratur til fast pris.

Utgreiaren foreslår at bokhandlane må ta på seg lagerplikt og skaffeplikt for å bli godkjent som fagbokandel. Som motyting får fagbokhandlane einerett til å selje skolebøker. Utgreiaren foreslår som ein grunnregel at alle boktypar og sjangrar framleis skal ha fast pris bestemd av forlaget, og at prisen skal stå ved lag like lenge som i dag. Frå fastprisprinsippet bør det vere noen rabattunntak, det viktigaste gjeld hovudbøker i dei store bokklubbane.

Utgreiaren drøftar bokklubbane si stilling i det norske bransjesystemet, og foreslår at dei skal høre inn under ei eventuell lov. Ei lov bør dessutan vere mest mogleg nøytral i konkurransen mellom salskanalane. Det vanlege i nesten alle land i Vest-Europa som følgjer fastprisprinsippet, er at det skal gå frå eit halvt til eitt år før bokklubbar kan selje bøker til nedsett pris, slik at bokhandlane først får høve til å selje bøkene til full pris. Utgreiaren rår ifrå å innføre ein slik karantene i Noreg på hovudbøkene, fordi det kan føre til mindre boksal. Eit alternativ i Norge kan vere at også andre forhandlarar – fagbokhandlar og nettbokhandlar – får høve til å gi like stor rabatt som bokklubbane på dei bøkene som bokklubbane sender ut som hovudbøker. Bøkene bli då også lettare å få tak i til låg pris på fleire stader, noe som kan auke sal og lesing. Det største bokklubbkonsernet – De norske Bokklubbene – byr i dag fram 800 titlar i året, og det bør settast grenser for kor mange tilleggsbøker klubbane kan marknadsføre og gi rabatt på, elles vil fastprisen på allmennlitteratur bli heilt illusorisk.

Utgreiaren tar opp digitaliseringa av bokproduksjonen og bokspreiinga, og konkluderer med at nettbokhandlar må høre inn under ei lov med fast pris som prinsipp. Derimot må ebøker og print on demand haldast utanfor ei lov, dvs. ha fri pris.

Utgreiaren foreslår at ei eventuell bokprislov får følgjande innhald. (NB: Dette er ikkje eit forslag til tekst i lov og forskrift. Detaljar som må regulerast i ein bransjeavtale, er stort sett ikkje tatt opp.)

Føremål:

Lova skal styrke norsk språk og fremje kunnskap og bokkultur, den skal vere med på å halde oppe ei mangfaldig og god norsk bokutgiving, og gi lesarane valfridom og tilgang til bøker, med eit spreidd og landsdekkande nett av gode fagbokhandlar som hovudforhandlarar

- Som hovudregel har forlaget plikt til å bestemme ein fast utsalspris for nye bøker på norsk i alle salskanalar. Prisen gjeld i utgivingsåret og kalenderåret etter. (Unntak for skolebøker. Bokklubbar blir normalt rekna som ein salskanal og ikkje eit forlag.)
- Lova omfattar også bøker på norsk som er utgitt i utlandet for sal i Norge.
- Lova gjeld ikkje for ebøker, print og demand, bøker på framandspråk, bøker på norsk som reelt blir eksporterte, forfattar og omsetjareksemplar ved direkte kjøp i forlagsutsal, leseeksemplar for tilsette i bokhandel, meldareksemplar og skada eksemplar.
- Andre tillatte unntak frå lova: Lanseringspris, subskripsjonspris, seriepris. Desse særprisane blir sette av forlaga.
- Forskjellige andre rabattar til publikum/sluttkundar: Bibliotekrabatt, kunderabatt på bokmesser og andre publikumsarrangement, eventuelt også kvantums- og/eller ordreverdirabatt, studentrabatt på faglitteratur.
- Alle firma kan selje bøker. Fagbokhandelen har likevel einerett på skolebøker, som skal ha fast pris, men med høve til å gi regulert rabatt til skolar/elevar.
- For å bli godkjend som fagbokhandel må ein ta på seg lagerplikt/ gjenkjøpsplikt. For lagerhaldet får bokhandelen ein sortimentsrabatt av forlaga. Forslag om ein ny ”kvalitetsrabatt”.
- Bokhandlane har skaffeplikt og forlaga har leveringsplikt.
- Bokklubbar kan, som eit unntak frå hovudregelen, frå utgivingsdagen selje inntil 20 titlar i året som hovudbok med 25% rabatt.
- Også fagbokhandlar og filialar, og dessutan nettbokhandlar, kan gi inntil 25% kunderabatt på dei titlane som er hovudbøker i bokklubb. (Gjeld ikkje tilleggsbøker med fast pris.)
- Diverse karanteneforslag for tilleggsbøker (etc.) så lenge dei har fast pris.
- Sanksjonane for brott på reglane bør vere slike som bransjen sjølv kan sette i verk: Åtvaring, utelukking frå samhandel/leveringsnekt, suspensjon av retten til å selje skolebøker, ingen kvalitetsrabatt mm.

1
MED LOV SKAL BRANSJEN BYGGAST?

Usemja mellom forleggarane og bokhandlarane under forhandlingane i 1998 om ny bokbransjeavtale var visst nær ved å velte heile det norske bransjesystemet. Etterpå frykta forfattarorganisasjonane at det skulle bli støypt grundig om ved neste korsvegen, og i mai 1999 vende Den norske Forfatterforening og Norske barne- og ungdomsbokforfattere seg til Kulturdepartementet for å få utgreidd spørsmålet om å innføre ei lov om faste prisar for bøker, tilpassa norske forhold. Fordi den frivillige avtalen mellom forleggarane og bokhandlarane "går en usikker framtid i møte", ønskte forfattarane "en alternativ sikring av et fastprissystem etter at Bransjeavtalen eventuelt er falt". Det ser ut til at dei ønsker å førebu ei lov som ligg klar til å bli tatt fram den dagen den faste bokprisen skulle ryke, slik at det ikkje skal bli eit mellomspel med fri pris.

Seinare sende foreiningane ei liknande oppfordring til Norsk kulturråd, der dei bad Rådet innsjå alvoret i den noverande situasjonen, og prioritere "arbeidet med å utrede en lov som kan sikre en bred utgivelsesprofil, et distriktsprofilert bokhandlernett og bøker til samme pris over hele landet". Kulturdepartementet bad så Kulturrådet om å inkludere i Strukturendringarprosjektet "en bred omtale av fastprisproblematikken, deriblant en lov om fast bokpris, som en naturlig del av denne". Første delen av ei slik undersøking var rapporten *Å sette pris på bøker* (140 s.), som handlar om bokprissystema i VestEuropa, og kom i oktober 2001. I denne jamførande gjennomgangen blei særleg dei mange bokprislovene analyserte, men også avtalar og frie tilhøve. (For dei som ikkje har lese *Å sette pris på bøker,* har eg som første del av dette notatet laga ein kortare versjon, for å gi ein betre

bakgrunn for å forstå norske forhold.) Den andre halvdelen – "Får man lov? Bokpris på norsk" – tar opp kva for innhald ei lov om bokprisar kan ha her i Norge, med fastprisproblematikken som det heilt sentrale.

Denne utgreiinga tar altså ikkje for seg om fast bokpris eller fri er å foretrekke. Den diskuterer heller ikkje grundig og utan bindingar om eit fastprissystem gjennom ein frivillig, privatrettsleg bransjeavtale er betre enn eit system fundert i ei eiga, offentleg bokprislov. Utgangspunktet er at bransjeavtalen ikkje lengre finst, anten fordi partane i bransjen ikkje er blitt samde, eller fordi Konkurransetilsynet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet har sagt nei til dispensasjon frå konkurranselova, fordi dei har funne større økonomiske fordelar ved fri bokpris, enn kultur og distriktspolitiske fordelar ved fast. (Det er jo mogleg å finne kulturelle fordelar også av fri pris.) Oppgåva blir dermed å greie ut korleis det forfattar-organisasjonane kallar ei "alternativ sikring" av fastprisprinsippet kan sjå ut, når det er eit mål å forsvare breidda i utgivinga av norske bøker, og at desse er å få tak i i eit spreidd og godt nett bokhandlar over heile landet og til same pris. (Om dette kan oppnåast enno betre gjennom fri bokpris, er altså ikkje eit emne for diskusjon.)

Norsk kulturråd – merk: kollegiet, ikkje administrasjonen – har etter innstilling frå referansegruppa for "Strukturendringer i bokbransjen" gått inn for å halde på den faste bokprisen gjennom ein frivillig avtale. Dessutan forslår Rådet at den noverande avtalen blir delt i ein litteraturpolitisk del og ein økonomisk. Til no har berre forlag og bokhandlar vore partar i avtalen, men no ønsker Kulturrådet at også andre i Bok-Norge skal bli med: bibliotekstell, forfattarar, omsetjarar og bokklubbar. Dette ser ut til å vere ein spennande idé for å opprette eit forum for heilskaplege og forpliktande diskusjonar om bokbransjesystemet.

Om det lar seg gjøre å få gehør for slike tankar gjennom frivillige avtalar, er altså alternativet med bokprislov i praksis uaktuelt, sjølv om det sikkert har talsmenn. I og med at Norsk kulturråd samrøystes har gått inn for avtaleløysinga, var det heller ikkje aktuelt å drøfte innhaldet i denne lovutgreiinga der. Utgreiinga blir likevel sendt til Kultur og kirkedepartementet, for det er jo ikkje sikkert at avtalemodellen får dispensasjon ein gong til, og då er det ei litteraturpolitisk sak om det skal settast fram eit forslag til bokprislov.

Bransjeavtalen

Frå 1962 har det meste av bokomsetninga i Norge følgt ein frivillig, privatrettsleg avtale mellom Den norske Bokhandlerforening og Den norske Forleggerforening,

”Bransjeavtalen”. Avtalen gjeld alle bøker frå medlemmane i forleggarforeininga, det vil i dag seie ca. 55% av heile bokomsetninga i landet. Den er bindande for medlemmane i dei to organisasjonane, og den regulerer tilhøvet mellom forlag og bokhandel, mellom forlag og forlag, mellom bokhandel og bokhandel. I tillegg til reine handelsvilkår handlar avtalen også om litteraturpolitiske og kulturpolitiske mål. Den har vore endra mykje og i fleire omgongar, heile tida i meir liberal(istisk) retning mot friare omsetningsformer og meir konkurranse. Frå 1999 kan forlaga også selje nesten allslags bøker (unntatt skolebøker) direkte, men då må dei ta den prisen dei sjølve har sett for andre salskanalar. Også andre butikkar enn bokhandlane kan selje bøker frå DnF-forlaga (unntatt skolebøker), og den faste bokprisen må følgjast. I praksis har også mange uorganiserte forlag halde prinsippa i avtalen, men dei er ikkje bundne til dette. Bokklubbane, med 27% av heile bokomsetninga i 2001, er heller ikkje part i avtalen, enda eigarane av dei store klubbane stort sett er viktige, organiserte forlag. Ca. 60% av heile bokomsetninga går gjennom bokhandelen, og 60% av omsetninga i ein vanleg bokhandel skriv seg frå bøker. For dei små bokhandlane er tala lågare, og mange er heilt avhengige av skoleboksalet. Dei aller fleste av bøkene i bokhandelen blir selt til den faste prisen utan noen form for rabatt. Ser vi på heile boksalet, medrekna bokklubbane, går likevel kanskje berre anna kvar bok til fast pris. For den nye skjønnlitteraturen er andelen fastpriseksemplar langt mindre, kanskje berre rundt 20%, på grunn av den store omsetninga i bokklubbane. Det meste av det som forlaga elles sel av ny skjønnlitteratur, går til Kulturrådet til nedsett pris. At vi har faste prisar på bøker i Norge, er altså i praksis ei sanning med store atterhald.

Då avtalen oppstod, blei bokhandelen kalla ”eneforhandler”, dvs. den hadde tilnærma monopol. I dag er bokhandelen blitt til ”hovedforhandler”, men tre av fire bøker frå dei organiserte forlaga blir enno i dag selde i bokhandelen, og for skolebøker har bokhandlarane framleis einerett. Denne set dei mykje inn på å forsvare, og det har vore store motsetningar om den i forhandlingane om bransjeavtalen. Det kan sjå ut til at bokhandlarane har fått halde på den mot å ikkje gå ut av bokklubbavtalen, som ikkje er *så* viktig for dei. Denne avtalen sikrar bokklubbane ein rett til å gi medlemmane inntil 25% rabatt på den faste bokprisen. Eineretten for skolebøker er særleg viktig for distriktsbokhandlane. Hos mange av dei utgjør skolebøker langt over halvparten av bokomsetninga, og utan denne ville ein god del vore tvungne til å legge ned. Eit overslag har konkludert med at 100-150 bokhandlar kan vere i fare om dei mistar eineretten og fastprisen.

Fordi bransjeavtalen har vore i strid med pris- og konkurranselova, har den hittil vore avhengig av dispensasjon frå konkurransestyresmaktene (no: Konkurransetilsynet). Det har vore stor oppslutning i bokbransjen om avtalen, men etter kvart er nok noen blitt meir kritiske. Konkurransestyresmaktene har i tjue års tid vore sterkt imot reguleringsreglane, og ikkje berre den faste bokprisen. Den konkurransejuridiske og konkurransepolitiske hovudinnvendinga er at ordninga med faste prisar eigentleg er eit kartell som begrensar og hindrar priskonkurranse og deler marknaden, og dermed fører til både for høge bokprisar, ineffektivitet og feil ressursbruk. Men også mange andre reglar i avtalen enn fastprisen er i strid med fleire punkt i kapittel 3 i konkurranselova, særleg §3-1 (”Forbud mot samarbeid om og påvirkning av priser, avanser og rabatter”), og §3-4 (”Forbud mot at sammenslutninger fastsetter eller oppfordrer til reguleringer”). Det er forresten ikkje berre den kommersielle delen av BokNorge som treng dispensasjon frå Konkurranselova. Det gjør også Kulturrådet for reglane for innkjøpsordningane og forfattarane for normalkontrakten. Dette fortel litt om korleis også andre sider av BokNorge er bygd på same grunn som fastprissystemet.

Når det har vore tid for å ta stilling til dispensasjon, har Prisdirektoratet/Pristilsynet/Konkurransetilsynet anten stilt klare vilkår eller gått imot heile avtalen. Kulturpolitikarane har derimot heile tida støtta søknadene om unntak på kulturpolitisk og distriktspolitisk grunnlag, og bransjeavtalen har fått stå ved lag, bl.a. fordi det har alltid vore rekna som eit gode at bøker kostar det same overalt i landet. Staten har vore ein slags usynleg tredje part i avtalen, og hovudgrunnen til dette er at kulturpolitikarane har rekna bransjeavtalen som ein reiskap for å nå litteratur og kulturpolitiske mål, som ein heilt uregulert bokmarknad ikkje ville kunne fremje. I det politiske grunnlaget for den første Bondevikregjeringa – Voksenåsenerklæringa – tok dei med at bransjeavtalen skulle få stå ved lag, igjen av kulturpolitiske og distriktspolitiske omsyn.

Den seinaste runden om bransjeavtalen fann stad i 1998. Først var motsetningane så store mellom bokhandlarane og forleggarane at forhandlingane mellom organisasjonane blei brotne. Usemja gjaldt særleg vilkåra for å selje skolebøker, som forlaga ville halde utanfor avtalen. Deretter var det spørsmål om den avtalen dei på overtid blei einige om, skulle få unntak frå konkurranselova. I den offentlege diskusjonen gikk fleire mot den faste bokprisen, som fikk skulda for å gjøre skolebøkene dyrare enn nødvendig. Mens dispensasjonen tidlegare mest hadde vore ei sak for forlag, bokhandlar, forfattarar og kulturpolitikarar, kom det no også fram ein motstand frå personar og organisasjonar utanfor kulturlivet og bransjen, bl.a.

Oslo kommune, Bergen kommune og Kommunenes sentralforbund. Konkurransetilsynet var (som i førre dispensasjonssaka i 1995) villig til å gi unntak for norsk og omsett skjønnlitteratur og allmenn sakprosa (bokgruppene 3-7) på grunn av den kulturpolitiske rolla avtalen spelar. Men dei stilte ei rad vilkår, først og fremst at skole, lære og fagbøker måtte ha fri pris. Dette kunne ikkje bransjen godta, og anka saka inn for Arbeids og administrasjonsdepartementet (AAD). Med tanke på formuleringane i Voksenåsenerklæringa var det konsekvent at statsråden deretter gav heile avtalen dispensasjon til 31.12. 2004, også for skolebøker.

Bokmarknaden i tal (2001)

- Heile bokomsetninga 2001: 4 632 millionar
- Fast bokpris i utgivingsåret og kalenderåret etter
- Andelar av omsetninga i 2001: Skolebøker/lærebøker/faglitteratur 42,2%, Skjønnlitteratur/generell litteratur 50,3%, Verk 7,5%. Dei siste par åra har andelen av "skjønn og gen" auka og skolebøker har minka.
- Det har vore nedgang i totalomsetninga kvart år etter 1999, fremst på grunn av mindre skoleboksal.
- Bokklubbane har derimot auka omsetninga si både relativt og reelt heile tida, og stod i 2001 for ca. 27%, noe som truleg er den største marknadsandelen i heile Europa.
- Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening (47 stk.) hadde knapt 55% av totalen. Denne andelen har gått litt tilbake dei seinare åra.
- Også i reelle omsetningstal har DnF-forlaga gått tilbake.
- Om ein tar omsyn også til at dei store bokklubbane er eigde av forlaga, stammar ca. 80% av omsetninga frå DnF-forlag.
- Dei øvrige forlaga står for vel 10%. Dei uorganiserte har smått og jamt fått ein mindre andel.
- Bokimporten utgjorde vel 8%.
- Bokhandlane selde 75% av bøkene frå DnF-forlaga. Dette var ein auke.
- 60% av heile bokomsetninga går gjennom bokhandelen.
- 60% av omsetninga i bokhandelen er bøker.

Bransjeavtalen i dag

Måla for den bransjeavtalen som gjeld i dag, kunne ha vore formulert av kulturministrar frå nær sagt alle politiske parti. Dette dokumentet er både ein handelsavtale, og iallfall i sin gode og idealistiske intensjon og sine runde formuleringar også ein kulturpolitisk tekst. Det er stor semje om måla, men ikkje lenger om verkemidla. For eksempel hevdar både tilhengarar og motstandarar av

fastprissystemet at nett *deira* alternativ fører til dei lågaste prisane, noe ingen har greidd å vise enno. I føremålsparagrafen – som finst aller først i avtalen heiter det: ”Bransjeavtalens formål er å fremme kultur og kunnskapsformidling, stimulere leseinteresse og kunnskapstilegnelse og bidra til å styrke norsk språk og skriftkultur. Avtalen skal bidra til å opprettholde en effektiv bokutgivelse med bredde i emner og kvalitet. Avtalen skal videre fremme salg av bøker gjennom en effektiv distribusjon og et effektivt desentralisert bokhandlernett, slik at tilgjengelighet og valgfrihet for forbrukerne ivaretas. (§ 1)”

Slike formuleringar går det knapt an å vere ueinig i. Dei kan vere lumske om dei ikkje blir følgde i praksis, for då kan dei framstå som ”berre retorikk”. Derfor må ein forhalde seg konkret til målsettingane. Verkemidla er fleire. For eksempel skal eineretten til å selje skolebøker gi såpasss overskott at bokhandelen også kan føre bøker med lite sal og usikker økonomi. Den faste bokprisen har vore rekna som den viktigaste kulturpolitiske reiskapen både blant forleggarar og bokhandlarar. Bokprisen er i dag fast i utgivingsåret og kalenderåret etter. (I 1962, då den første bransjeavtalen kom, var prisen fast i tre år.) Den faste prisen gjeld alle salskanalar, men folkebiblioteka kan få 20% rabatt, grunnskolane kan på visse vilkår få 7% på skolebøker og vidaregåande skolar 5% på enda meir innfløkte vilkår. Bokklubbar har høve til å gi høgst 25% rabatt til medlemmane, men bransjeavtalen pålegg dei elles få begrensingar.

Som motyting for statens velvilje med omsyn til dispensasjonar, indirekte subsidiar og ganske direkte økonomisk støtte (Norsk kulturråds støtteordningar), har bokhandlane tatt på seg *lagerplikt/gjenkjøpsplikt* og *skaffeplikt*, og forlaga har *leveringsplikt*. Bokutgivinga i Norge er så vidt lita at det er mogleg for mange bokhandlar å vere fullassortert. Det er elles ingen andre land i Europa som har lagerplikt med i bokprislovene sine. (Fleire har skaffeplikt.) Det einaste landet med noko som liknar på vår ordning, er friprislandet Finland, der dei aller fleste bokhandlar og forlag er tilslutta ei kommisjonsordning, ”provlagersystemet”. Etter reglane der skal dei små bokhandlane ha på lager 2 600 titlar, dei mellomstore 3 600 og dei store 4 600. Minst 80% av titlane skal alltid vere inne.

Fram til 1999 hadde dei mellomstore og store bokhandlane her i landet ei gradert lagerplikt. Dei store hadde større krav til lager enn dei små. I 1998 hadde nesten 400 slik plikt, dvs. meir enn 2/3 av alle. I 1999 blei den tradisjonelle lagerplikta hos oss erstatta med frivillig abonnement på førsteeksemplar med 70% bokhandlarrabatt og gjenkjøpsplikt. Dette førte til at færre bokhandlar tok på seg å

halde stort lager. Det finst tre frivillige abonnement av ulikt omfang. A omfattar den skjønnlitteraturen for barn og vaksne som Norsk kulturråd kjøper inn, B gjeld allmenn sakprosa, øvrig skjønnlitteratur og verk, og C-abonnementet er fag- og yrkeslitteraturen. I 2001 var det 110 bokhandlar som berre abonnerte på kulturrådsbøkene. 165 bokhandlar hadde både A og Babonnement (og var dermed fullassorterte), og 30 hadde berre C. Dette betyr at 325, dvs. godt over halvparten av landets ca. 600 bokhandlar ikkje hadde abonnement i det heile tatt på skjønnlitteratur og generell litteratur, Dette vil seie at det også må finnast mange mellomstore bokhandlar som i dag ikkje har abonnement/ lagerplikt. Abonnentane kan dessutan når som helst gå ut og inn av ordningane med ein månads varsel.

Den frivillige abonnementsordninga har altså svekka lagerhaldet, iallfall formelt. Med tanke på dei kulturpolitiske måla både for staten og bransjen, er lagerbreidda ikkje god nok. Lagerplikt og skaffeplikt kan vi sjå på ei motyting frå bransjen (”kulturforpliktelser”) for å få halde på den faste bokprisen og andre fordelar, men denne motytinga er blitt relativt mindre og mindre. Legitimiteten til fastprisen har dermed minka.

Dei grunnleggande andelsvilkåra i bransjen har av tradisjon vore standardiserte og ganske like for alle. Dei er det enno når det gjeld skolebøker, som er den strengast regulerte bokgruppa i avtalen, tvert imot forholda i VestEuropa elles. Men frå 1999 er det elles individuelle avtalar som gjeld, anten mellom enkeltbokhandlar og forlag eller mellom kjeder og forlag. Dette har ført til auka sentralisering av innkjøp og ytterlegare konsentrasjon i kjeder, og ser ut til å ha gitt bokhandlane litt meir av ”bokkrona”, større ”musklar” og meir makt enn tidlegare. Dei friare handelsvilkåra har også vore med på å sette fart i ei anna utvikling, der forlag kjøper seg heile bokhandelkjeder. I den offentlege debatten er det framført at dei store forlagskonserna (”tvillingane på Sehesteds plass”, Aschehoug og Gyldendal), som eig dei store bokhandelkjedene Ark (G. 100%) og Norli (A. 50%), no sitt på begge sider av forhandlingsbordet. Den aukande ”vertikale integrasjonen” har ført til at bransjeavtalen har tapt tillit, truverd og legitimitet. Kritikarar er m.a. redde for at dei store forlaga skal favorisere sine eigne bøker i bokhandelen, men dette ser så langt ikkje ut til å ha skjedd. Det finst også dei som ser ein fare for ytringsfridomen i at same konsern har dominerande roller både blant forlaga, i distribusjonen, i bokhandelen og i bokklubbane. I ei utgreiing Vidar Ringstad og Knut Løyland har gjort for Kulturrådet, har dei foreslått at bokbransjen må takast med i medieeigarlova, som hittil berre har omfatta radio, TV og dagsaviser. Bokbransjen ønsker ikkje at staten skal kunne gripe inn i eigedomstilhøve, men Kultur- og kirkedepartementet

bør etter utgreiaren si meining ikkje seie frå seg retten til å halde eit vakande øye med dei oligopolprega eigarstrukturane i bransjen. Om nødvendig gjennom lova om medieeigarskap.

Tidlegare kunne ein rekne med at bransjeavtalen ville gå gjennom dei nødvendige justeringane, at den med støtte frå kulturpolitikarane kom til å overleve behandling hos konkurransestyresmaktene, og til slutt få dispensasjon. I dag er det ikkje sjølvsagt. Konkurransetilsynet har signalisert at dei vil gå imot ein ny bransjeavtale med fast pris som berande prinsipp, og det er lite truleg at den noverande politiske leiinga i Arbeids- og administrasjonsdepartementet vil innvilge dispensasjon frå konkurranselova på kulturpolitisk grunnlag. Ved førre forhandlingsrunden gikk også student- og elevorganisasjonar mot den faste bokprisen, som dei ser på som ei årsak til at skole- og lærebøker er dyre. Og i samband med avisoppslag i haust om sterk prisauke på bøker har også Forbrukarrådet gått ut mot fastprisprinsippet. Det er alt i alt ganske stor motstand mot å halde fast på den faste bokprisen. Også i bransjen sjølv er meiningane delte, og mange har i dag ikkje noe klart standpunkt. Cappelen vil helst avskaffe heile bransjeavtalen og fastprisprinsippet fordi Gyldendal og Aschehoug har kjøpt bokhandlar med i alt 30% marknadsandel. Ein av dei største nettbokhandlane, Bokkilden eigd av Schibsted, vil også ha frie prisar. Om eit av dei store forlaga eller ei av kjedene trekker seg ut av avtalen, kan dette i ein labil situasjon føre til at heile avtalen ryk. Elles er det nok eit klart fleirtal i bransjen for ein avtale med fast pris, men det er likevel ikkje sikkert at det vil bli ein bransjeavtale omtrent i noverande form når den som gjeld, går ut ved årsskiftet 2004–05. Alternativet kan komme til å bli ei bokprislov.

Frivillig avtale eller lov?

Trass i motsetningar og spenningar innafor bransjen sjølv, er det nok eit solid fleirtal for fortsett å regulere bokprisane på eit eller anna vis med fastprisprinsippet som utgangspunkt. (Ei konsekvent gjennomføring av prinsippet om fast bokpris finst ikkje i noe land, heller ikkje hos oss eller i Tyskland.) Ein del har ei lov som første val, og dei vil halde på dagens ordning med visse endringar. Eit privat lovforslag lagt fram av William Nygaard er i praksis ei vidareføring av grunndraga i den frivillige avtalen, som han nok helst ser ført vidare. Motstandarane vil kvitte seg med både bransjeavtalen og den faste bokprisen. Dei er blitt fleire enn før, ser det ut til, men er nok relativt få.

Hovudargumentet for å foretrekke avtale framfor lov er at det er betre med ei frivillig ordning enn med tvang. Ei frivillig ordning krev også at bransjen styrer seg sjølv

med ansvar for å opptre i pakt med dei kulturelle målsettingane. Ei sterk svekking av kulturansvaret svekkar også legitimiteten til den offentlege støtta bokbransjen har i dag, for eksempel nullmomsen. Eit argument for ei bokprislov er at den gir fastprisprinsippet eit sterkare vern enn ein avtale, og at bransjen vil få stabilare og meir langsiktige rammevilkår. Med ei lov treng ein heller ikkje gå nye og konfliktfylte rundar kvart fjerdefemte år med forhandlingar og dispensasjonar.

Utgreiaren sitt hovudstandpunkt er:
Ein frivillig og balansert bransjeavtale, kulturpolitisk og økonomisk, er å foretrekke framfor ei lov. Men om det viser seg umogleg å vinne semje i bransjen for ein avtale, eller få dispensasjon for den, vil eg foreslå at det bli laga ei eiga lov om bokprisar, der fastprisprinsippet ligg til grunn og visse avvik blir tilatt. Om førstealternativet med frivillig bransjeavtale blir vedtatt og godkjent, bør bransjen ta initiativ til å få inn eit ståande unntak i Konkurranselova for at forlaga kan sette fast pris på bøker.

AAD eller KKD?

Konkurranselova høyrer inn under Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD) og forvaltingsorganet Konkurransetilsynet. Søknader om dispensasjon for den faste bokprisen og andre reguleringar går derfor dit. Om avgjerda i tilsynet blir negativ, kan ein anke til AAD, og avgjerda der er endeleg. Kultur- og kirkedepartementet (KKD) er berre ein av fleire høyringsinstansar. Om det skulle bli aktuelt med ei bokprislov, bør denne høyre inn under KKD og ikkje AAD. Rettnok handlar det mykje om økonomi, men inst inne er målsettingane og omsyna kulturpolitiske, og Konkurransetilsynet er neppe rette instans for å gjennomføre kulturpolitiske mål. Overalt i andre vesteuropeiske land høyrer bokprislovene under kulturdepartementa, og i Tyskland har ein i tillegg ein ståande dispensasjon i konkurranselova for prinsippet om fast bokpris. (Også i Danmark er det aktuelt med eit forslag til ei bokprislov under Kulturministeriet.)

”Til same pris”?

Også ei anna lov – Opplæringslova under Utdannings og forskingsdepartementet – spelar ei viktig rolle for spørsmålet om vi skal ha fast eller fri pris på bøker. Denne lova slår nemleg fast at skolebøker på bokmål og nynorsk skal ”ligge føre til same tid og same pris” (§ 9-4). I praksis har fastprisen sørga for lik pris for alle slags skolebøker på begge målformer over heile landet. Alt tyder på at dette også var intensjonen med lovregelen. I høyringsfråsegnene i dispensasjonssaka i 1998 var det fleire som viste til denne paragrafen då dei støtta bransjens standpunkt mot

Konkurransetilsynet. Men spørsmålet er om lovparagrafen om lik pris i seg sjølv hindrar frie prisar på skolebøker, eller om den må endrast av Stortinget før dette kan bli aktuelt. Slik Justisdepartementet har tolka lova, meiner Konkurransetilsynet nemleg at den ikkje er til hinder for at "et system med veiledende priser og adgang til å gi rabatter på skolebøker kan gjennomføres med den begrensning at selgerne ved det enkelte salg har plikt til å holde same pris eller gi same rabatt på nynorsk- og bokmålutgaver". Justisdepartementet reknar altså med at opplæingslova blir fulgt om kvar enkelt bokhandel har bokmåls- og nynorskutgåva inne til same pris, og at det ikkje er nødvendig at alle bokhandlane held same prisen overalt i landet. Den sentrale forskrifta til opplæringslova støttar derimot ikkje Justisdepartementets tolking, når det heiter der at "Kravet i opplæringslova skal sikre mest mogleg likt tilbod av læremiddel på begge målformer." Kva var det eigentleg Stortinget ville oppnå med paragrafen om "til same tid og same pris"? Den rimelegaste tolkinga må vel vere at den skal sørge for at bokmålsutgåva skal finnast på Karl Johan til same tid og pris som nynorskutgåva i bokhandelen i Volda?

Spørsmålet om kva det inneber at det skal vere lik pris på parallellutgåvene, er neppe så godt avklart at Konkurransetilsynet kan oppheve fastprisen på skolebøker utan at fleire departement går ein ny runde med lovtolking. Det kan også godt tenkast at Stortinget har ei anna meining enn Justisdepartementet om kva det sjølv har vedtatt.

Det er elles ingen lover eller forskrifter som hindrar innføring av fri bokpris, men dette vil sikkert møte stor distriktspolitisk motstand fordi bokprisane vil komme til å bli ulike landet over. Vi får dessutan rekne med at ein god del distriktsbokhandlar står i fare for å bli nedlagde. Om ein skal endre prissystemet for skolebøker grunnleggande, må ein truleg først gi opp omsynet til både nynorsken og den distriktspolitiske rettvisa. Det er ting som tyder på at dagens statsrådar (AAD, KKD, UFD) har eit anna standpunkt her enn dei hadde i Bondevik I. Mens den første regjeringserklæringa til Bondevik støtta at Bransjeavtalen skulle førast vidare, er den ikkje nemnt med eit ord i kulturkapitlet til Semerklæringa, der Senterpartiet ikkje er med. Det er vel dette ein kallar eit "politisk signal"?

Lov, forskrift, bransjeavtale?

Eit offentlegrettsleg regelverk for bokprisar treng i og for seg ikkje formelt å vere ei lov. Det kan også vere ei forskrift. Men det kan vere praktisk å ha *både* ei lov og ei forskrift. I lova kan ein ha dei overgripande rammene, dei allmenne og prinsipielle sidene av ordninga, slik at den vil kunne bli ståande uendra i lengre tid. I ei forskrift

kan ein ha nødvendige presiseringar og tillegg, og ein kan lettare ta stilling til konkrete tilhøve etter kvart som bransjen endrar seg. Om alt skulle samlast i *ei* formell lov, ville den kunne bli ein for lite dynamisk reiskap. Ei forskrift kan lettare reviderast av departementet, og den kan betre følgje med i raske skifte.

I tillegg til lov og forskrift vil ein framleis trenge ein bransjeavtale, men denne kan i all hovudsak innehalde formelle rammer for handelen – forhandlarrabattar, betalingsvilkår, returrett, frakt osv. – dvs. tilhøve som staten ikkje skal legge seg i, i detalj. Men også ein bransjeavtale må vere i pakt med lov og forskrift.

Bokhandelen

Ei hovudmålsetting for både bokbransjen og kulturpolitikarane har vore å legge til rette for at det skal finnast eit nett av godt assorterte fagbokhandlar over heile landet, som skal selje nye bøker til same pris. Rundt i Vest-Europa har det blitt færre fagbokhandlar, og dei bokprislovene som er innførte, har meir eller mindre eksplisitt tatt sikte på å gi betre muligheiter for dei som er igjen. I Norge er det derimot blitt stadig fleire bokhandlar og bruttofortenesta har auka, trass i sterkare konkurranse frå bokklubbsektoren og frå nettbokhandlar. Målsettinga om eit tett bokhandelnett blir oppfylt, og dei fleste bokhandlane ser ut til‘å greie seg bra under dei rådande vilkåra. Den faste bokprisen og eineretten til skolebøker er to viktige grunnar til dette. Spørsmålet er om denne utviklinga har ført til ineffektivitet og for høge bokprisar, slik kritikarar av fastprisordninga hevdar. (Bokhandlarane har ikkje berre fått auka bruttoforteneste, men også utgifter.) Eit anna spørsmål er om dei bokhandlane som finst, fyller sin del av den samfunnskontrakten dei verkar i ly av. Er dei så gode at dei fortener støtte, sjølv om dei skulle vere ineffektive og ha for dyre bøker? Eller kanskje kostnadene for ineffektivitet og dyre bøker trass alt er ein akseptabel pris å betale for å ha bokhandlar som er noe meir enn ein boksupermarknad? Men denne prisen føreset at bokhandelen verkeleg fyller si kulturelle rolle.

Etter tradisjonell bransjefilosofi skal kulturforlaga kryss-subsidiere smalare titlar med ein del av vinsten frå bøker som sel godt. Dette meiner ein gir ei breidd i utgivinga som er av stor kulturell verdi, og det er noe av dette som skil eit kulturforlag frå forlagsdrift som først og fremst har som mål å tene pengar, same kva for kvalitet bøkene held. For å vere ein god faghandel må også bokhandelen kryss-subsidiere sortimentet, og ikkje berre forhandle skolebøker og dei mest populære titlane, men dessutan bøker som knapt sel i det heile tatt. Ein del av det dei tener på storseljarane skal nyttast til å halde eit lager med større breidd. Gjer dei ikkje dette, har dei ikkje

tatt på seg kulturpolitiske forpliktingar som gjør det rett og rimeleg at dei skal støttast og særbehandlast. *Lagerplikt*, dvs. plikt til å ha eit boklager med breidd er saman med *skaffeplikt* den viktigaste motytinga. Krava til dei små bokhandlane kan ikkje vere som til dei store, men også dei små kan vere gode, for eksempel ved å ha bokkyndig personale som kan gi god service, og ved å vere ein kulturinstitusjon i lokalsamfunnet. Slikt bør handelssystemet belønne også dei små for.

Det har heile tida vore ein relativ nedgang i lagerplikta, både i forhandlarar, tittelomfang og tidsrom. (Meir effektiv og raskare bestilling og boktransport veg opp for ein del av nedgangen.) Denne utviklinga må ein vende dersom dei kulturelle målsettingane i bransjen skal stå ved lag. Bokutvalet i mange bokhandlar er ikkje godt nok med tanke på den fordelen dei har av fastpris og nullmoms. Målt mot gamle ideal i bransjen er det for lett å unngå lagerplikt også fordi abonnementet er *frivillig* og ein dessutan kan gå inn og ut med ein månads varsel. Bransjen bør, anten det skal skje med medhald i ei bokprislov eller vere eit punkt i ein bransjeavtale, ta på seg ei meir forpliktande ordning med lagerplikt, som blir knytt til retten til å selje skolebøker.

Eit alternativ:
Ein kan for eksempel gjeninnføre lagerplikt gradert etter bokhandelens storleik, med 70% rabatt på førsteeksemplaret og gjenkjøpsplikt. Den nye norske og omsette skjønnlitteraturen for barn og vaksne som blir kjøpt av Norsk kulturråd (knapt 400 titlar), bør vere obligatorisk for dei mellomstore og store bokhandlane. I alt må dei små bokhandlane gi ein garanti om å halde på lager 1 000 titlar med fast pris, dei mellomstore 2 000 og dei store 3 000. (Jf. dei tidlegare kategoriane Ø, L og Fbokhandlar.) Desse titlane kan hentast frå bokgruppene faglitteratur/yrkeslitteratur (gruppe 2), sakprosa (3), skjønnlitteratur (4), billigbøker (5), verk (6) og kommisjonsbøker (7). (Skolebøker er derimot ikkje med.) Kvar bohandel bestiller elles sitt eige sortiment. For denne sortimentsgarantien får bokhandelen ein sortimentsbonus. Reine innkjøpskostnader for eit lager på 1 000 titlar prisbundne titlar vil med ein gjennomsnittleg bokhandelpris på 300 kroner og 70% forhandlarrabatt på førsteeksemplaret vere knapt 100 000 kroner. For å få ei bruttoinntekt på 100 000 må ein selje halvparten av førsteeksemplara.
Forlaga skal ha plikt til å levere bøker også til bokhandlar som ikkje vil ta på seg lager og gjenkjøpsplikt. Men desse blir ikkje godkjende som fagbokhandlar, og får dermed heller ikkje forhandle skolebøker. (Sjå nedanfor.)

Eit anna alternativ:
For å få status som fagbokhandel må ein ta på seg lager og gjenkjøpsplikt. Som vederlag får fagbokhandelen einerett til å selje skolebøker. Filial av fagbokhandel kan selje skolebøker utan å ha lagerplikt. Fordi retten til å selje skolebøker er eit vederlag for at bokhandelen tar på seg kulturelle forpliktingar, kan ein nettbokhandel ikkje selje skolebøker utan også å ha ein vanleg fagbokhandel. Dei fagbokhandlane som har god service, og er aktive for å fylle rolla som kulturinstitusjon, får også ein mindre kvalitetsrabatt. Bransjeforeiningane bestemmer saman kriteria for denne rabatten, og storleiken på den.

Går det hos oss som i Sverige, og bransjeavtalen blir avskaffa og erstatta med fri pris, vil det truleg bli mykje vanskelegare å få bokbransjen til å ta eit litteraturpolitisk ansvar. Om det offentlege i ein friprissituasjon framleis vil halde fast på det litteraturpolitiske målet om eit landsdekkande nett av gode bokhandlar, må nok staten opprette ei støtte for distriktsbokhandlar, slik ein gjorde i Sverige midt i 70-åra. Der har dei fram til i dag løyvt ca. 10 millionar i'året, det meste som sortimentsstøtte til små servicebokhandlar. Å betale abonnement for 750 titlar for 100 distriktsbokhandlar i Norge, vil årleg koste 6-7 millionar kroner med 70% rabatt på førsteeksemplaret. Prisen for å støtte dei små med dei knapt 400 kulturfondtitlane vil vere 3,5-4 millionar.

Skolebøkene og den frie bokprisen

Med einerett til skolebøkene og regulerte rabattar har det vist seg at bokhandlane i Norge klarar seg bra utan støtteordningar. Talet på bokhandlar (no nærmare 600 i alt) har stige jamnt, mens det i dei nordiske grannelanda er blitt atskilleg færre. I Finland har halvparten forsvunne på tretti år, og i Danmark tredjeparten på tjue. Den kanskje største skilnaden mellom bokhandelen i Norge og det'øvrige Norden, er at dei i Sverige, Finland eller Danmark ikkje kan tene stort på skolebøkene. I Sverige og Finland tar det meste av skolebøkene vegen utanom bokhandlane, og i Danmark, der bokhandlane har hatt einerett, er rabattane svært høge. Ingen land i VestEuropa ha så låge skolebokrabattar som Norge. Det vanlege i utlandet er opptil 25% rabatt til kunden, og i noen fastprisland har dei heilt frie rabattar. I jamføring verkar våre 5-7% av den faste eksemplarprisen lågt. Same kor mange eksemplar ein kjøper eller kor mange kroner ein betaler, kan ikkje rabatten bli høgare i prosent. Ei eller anna ordning med skolebokrabatt må det vere også om prisane blir regulerte ved lov. Alternativ til rabatt i prosent av prisen pr. eksemplar kan vere å knytte kunderabatten (f.eks. til skolane) til *ordreverdien* eller *eksemplartala* i éi samla bestilling.

Skolebøker er elles den bokgruppa som høver seg best for ei prissetting på marknadsmessige vilkår. Opplaga er store i dei sentrale faga, det eine læreverket kan byttast ut mot andre og kjøparane er mange. Skolebøker er i det heile av bokbransjens mest kommersielle bokgrupper (i reint beskrivande meining). Saman med faglitteratur og yrkeslitteratur utgjør desse bøkene over 40% av bokomsetninga. Frie prisar vil likevel vere eit usikkert eksperiment, i alle fall om heile bokgrupper skal sleppast fri prismessig på ein gong. Men det er eit problem at skolebøker er blitt veldig dyre, og ein kunne kanskje prøve å løyse på ein del av dei strenge reguleringene for å sjå om prisane kan gå ned utan at det går særleg ut over dei små bokhandlane. Den kombinasjonen som kan vere mest aktuell, er nok fri(are) pris og framleis einerett til fagbokhandelen. Om det viser seg vere umogleg å få ned skolebokprisane ved å redusere kostnadene til produksjon og/eller distribusjon, eller ved høgare rabattar, bør ein overvege friare omsetning av desse bøkene.

Allmennlitteraturen

Overalt i Europa har skjønnlitteratur og generell litteratur temmeleg fast pris i bokhandelen, same om fastprisen er tillatt gjennom lov eller avtale. Grunngivinga er lik overalt: ”books are different”, og då er det særleg allmennlitteraturen ein meiner. Boka er inga vanleg salsvare. Kvar bok er noko for seg sjølv, og eit forlag har einerett til å gi den ut. Skjønnlitterære bøker er heller ikkje særleg utbyttbare. Har du Anne Karin Elstad som favorittforfattar, kjem du neppe ut frå bokhandelen med Dag Solstads siste, og du har ikkje med deg ei diktsamling når du eigentleg hadde tenkt deg ein kriminalroman.

Nesten 2/3 av salet til ein vanleg norsk roman går til Norsk kulturråds innkjøpsordning, som er ei kunstig utviding av ein liten marknad. Tar vi så omsyn til at den vanlege nye norske romanen har 300-400 kjøparar, og den vanlege diktsamlinga 100-200. Då er det vanskeleg for oss lekfolk å forstå at marknadens lover om tilbod og etterspørsel kan gi rett pris. (Om då ikkje marknadsprisen *alltid* er den rette?) Kan ein i det heile tenke seg ein reell, direkte og fungerande priskonkurranse når ei bok er ei monopolvare på ein kunstig marknad og kjøparane så yttarst få? Eller er dette mogleg berre i hovudet på økonomar?

Halvfaste eller halvfrie?

I Danmark har dei i dag ein bransjeavtale som gir forlaga *rett* til å gi ut bøker med fast pris, og ikkje ei *plikt*. Dette gir eit system med halvfrie/halvfaste prisar på tittelnivå. I bransjen vil særleg bokhandlane og mindre forlag halde på det gamle systemet, fordi dei fryktar at priskonkurransen kjem til å føre til gradvis fleire bøker med fri pris.

For ei løysing som den danske, vil det nok spele ei rolle om utgangspunktet er fri pris med høve for forlaga til å bestemme fast, eller fast pris som kan sleppast fri. Det første vil kunne gi halvfrie og dei andre halvfaste. Halvfaste prisar på allmennlitteraturen og halvfrie på skolebøker er tenkbare kombinasjonar, men vil sikkert vere innfløkt å gjennomføre i praksis. Eksemplet viser tydeleg at svaret på spørsmålet om pris ikkje treng å vere *anten* fri *eller* fast, men at det finst mange mellomformer. Erfaringane frå Danmark vil vise om halvfaste prisar vil gi stadig fleire titlar med fri pris eller vil føre til *status quo*.

Etterskrift 2003

Det ser ut til at 80% av titlane enno får fast pris i Danmark. Denne andelen ser også ut til å ha stabilisert seg frå 2002 til 2000. Det totale boksalet har gått opp, og matvarebutikkar og kioskar nærmar seg ein marknadsandel på 10%, aller mest bøker med stor salsappell. I alt hamnar ca. 15% av titlane i dei nye salskanalane. I større kjedebutikkar har dei også eit ganske breitt utval (billigkjeda Quickly: 600 titlar der dei har bøker), og populære kvalitetsforfattarar som Lars Saabye Christensen og Henning Mankell finst også i hyllene. Dei som spådde salsnedgang og nedleggingar i bokhandelen, har ikkje fått rett, for også bokhandelen har auka salet sitt. Grunnen kan vere at marknadsføringa for supermarknad-bøker også har vore til fordel for bokhandlane. Motstanden mot nyordninga var stor, særleg blant små forlag og blant bokhandlar, som frykta både titteltørke og bokhandeldød. Men erfaringane så langt avskrekkar ikkje, det er like mange bokhandlar som før, boksalet har gått opp, og alle partar ser ut til å ha godtatt den nye prismodellen.

BOKKLUBBANE I NORGE

Om bokklubbane, 2001

- Antal klubbar: ca. 45 med smått og stort
- Største klubbkonsern: De norske Bokklubbene (Aschehoug 48,5%, Gyldendal 48,5%, Pax 3%)
- Antal medlemskap: 1,25 millionar fordelt på 800 000 husstandar
- Husstanddekking: ca. 45%
- Omsetning pr. medlemskap: 1 000 kroner
- Boksal i bokklubbane: 1,25 milliardar kroner
- Vanleg medlemsrabatt av fast pris: 25% (med porto og eksp. ca. 15% netto)
- Andel av total bokomsetning: ca. 27%
- Andel av selde eksemplar: ca. 1/3
- Marknadsandel i gruppene 3 – 6, dvs. norsk og omsett generell litteratur, ny skjønnlitteratur, billigbøker og verk: ca. 50%
- Marknadsandel av ny norsk og omsett skjønnlitteratur: ca. 70%

Som det går fram av faktaruta ovanfor, spelar bokklubbane ei viktig rolle i Bok-Norge, ikkje minst i kraft av storleiken. Klubbane er likevel ikkje medlemmar av bransje-foreiningane, og i bransjeavtalen er dei berre kort nemnde (i § 4.1) i eit pålegg til forlaga om å begrense medlemsrabatten til 25%, ikkje nytte bøker som er under ni månader til medlemsverving, og heller ikkje i vervekampanjar like før jul.

I ein eigen avtale mellom bokklubbane og bokhandlarforeninga har bokhandlarane gått med på ein prisskilnad for bokklubbøker, truleg fordi eigarforlaga til gjengjeld har ha gått med på at bokhandlane framleis skal ha einerett på skolebøker og fast pris, noe som trass alt er viktigare for iallfall dei mindre bokhandlane. I dag ser det ut til at det har like mykje å seie for bokhandlane at dei får likare vilkår for å konkurrere med bokklubbane.

Frå starten i 1961 selde ein einaste bokklubb eigne bokklubbutgåver av skjønn-litterære baklistebøker ein gong om månaden til medlemmar med klare kjøpsplikter. I dag er det bortimot 50 klubbar. Dei store er nybok-klubbar som sel vanlege bokhandelutgåver frå utgivingsdagen og i direkte konkurranse med bokhandlane, og tilbodet kjem i dag om lag tjue gonger i året frå kvar klubb. Om lag 50 nye norske og omsette romanar (og noen få sakprosabøker) får no ein sjanse som

hovudbok i ein av dei tre store klubbane, og enda fleire blir tilleggsbøker. Men medlemmane har ikkje lenger plikt til å kjøpe noe. Bokklubbar sel minst 70% av eksemplara av dei nye skjønnlitterære titlane, og blant ekstratilboda finst det også annan allmennlitteratur som hobbybøker, kokebøker, vinbøker, reiseguidar, livsstilbøker osv. Bokklubbane har blitt ein slags katalogbokhandel med svært mange nye titlar til 25% nominell rabatt på den vanlege bokhandelprisen. Ein god del av tilboda er ikkje bundne til fast pris, men mange er det. Bokklubbane lagar hovudbøkene på lisens og kjøper tilleggsbøkene av forlaga. Det aller, aller meste av salet gjeld hovudbøkene.

Det største bokklubbkonsernet – De norske Bokklubbene – som i dag har bortimot 750 000 medlemskap og halvparten av bokklubbsalet – har eit tilbod på 800 titlar i året, og alt i alt kan visstnok minst 2 000 titlar av bokhandelens mest lønnsame kjernesortiment nå ut til publikum gjennom klubbane. Det er likevel sjeldan at andre bøker enn hovudbøkene i dei store klubbane får eit større sal, og dei fleste tilleggstitlane går i noen få hundre. Det er altså i praksis ikkje heilt rett at vi har fast pris på allmennlitteratur i Norge. Fastprisen gjeld berre i bokhandelen, den er "kulisse" for rabattprisen, og den nominelle prisskilnaden mellom klubb og butikk er ein stor konkurransefordel for klubbane.

Er bokklubb-bøker billigare?

Om vi jamfører prisane i klubb og bokhandel tittel for tittel, er skilnaden til synes 25%. Frå dette er det rimeleg å trekke portoen og ekspedisjonsutgiftene (i dag: 32 kroner, som annonsane oppgir) frå rabattten, og då er vi nede i ca. 15%. Dvs. at på ei bok som kostar 300 kroner i bokhandelen, sparar medlemmen iallfall 45 kroner, men ikkje 75. Konkurransetilsynet har omtala bokklubbane i svært positive ordelag fordi kundane får bøker billigare der. (Tilsynet gjør derimot ikkje noe problem av at bokhandlane, gjennom ein avtale med bokklubbane, ikkje kan gjøre noe som helst for at skilnaden skal bli mindre.)

Reknestykket ovanfor kan gjørast litt meir innfløkt. Ei undersøking i avisa *Dagens Næringsliv* (11.-12.12.02) kjem fram til at den norske gjennomsnittsromanen i 2002 kosta 290 kroner i bokhandelen, mens den gjennomsnittlege fastprisen for hovudbøker i dei to største bokklubbane er 351 kroner. Ein gjennomsnittsskilnad i prisnivå på 60 kroner, dvs. 20%, er vel for stor til å vere tilfeldig. Bokklubbleiinga nektar for at det finst noen eigentleg skilnad i bokklubben sin disfavør, heller tvert om, fordi den vanlege bokklubbboka er på langt fleire sider enn den vanlege romanen. Og i alle tilfelle er det forlaga som bestemmer utsalsprisen, seier dei.

Men vi ser ofte at relativt tynne bøker er dyre (og iblant at tjukke er ganske rimelege), så det er ingen automatikk i dette med fleire sider pr. krone. Dei forlaga som vil selje bøker til bokklubbar, har nok ikkje anna val enn å godta eit prisvink derifrå.

Fordi bokklubbane har avvist reknestykket i *DN*, har eg sett på 2001-årgangen ut frå andre kjelder. I mitt reknestykke er det med 20 skjønnlitterære hovudbøker i Bokklubben Nye Bøker og Bokklubben Dagens Bøker, norsk og omsett. Desse har eg jamført med 98 titlar norsk skjønnlitterær prosa innkjøpt over innkjøpsordninga, og her er ikkje hovudbøker i bokklubbane tatt med. Prismønstret viser seg å vere likt det som DN fann for 2002. Gjennomsnittsprisent for ein bokklubb-romanen i 2001 var 332 kroner og for dei andre 275. Prisnivåskilnaden var altså 57 kroner, dvs. at bokklubb-boka kosta 20% meir. Sidetalet kan forklare noe av denne skilnaden, for mens gjennomsnittet for bokklubb-bøkene var ca. 400 sider (= 0,83/ side), var dei øvrige på ca. 230 (= 1,20/ side). Som bokklubben peikar på, får medlemmane fleire sider pr. krone enn dei som kjøper "vanlege" bøker. Men med dei store opplaga som er vanleg på hovudbøkene, betyr ikkje sidetalet så mykje for totalkostnadene, og jo større opplag, jo mindre utslag. Ei rettvis jamføring må også ta omsyn til opplagsstorleiken, som i dette høvet tel til bokklubbane sin økonomiske fordel, men i motargumenta sine nemner ikkje bokklubbane at høge opplagstal godt kan gi billigare bøker.

I dag er det vanleg at bokladeprisen er ein marknadspris. Forlaga legg mindre vekt på kva det har kosta å trykke ei bok, enn kva for pris dei meiner boka kan tåle. Folk i bransjen stadfester overfor *Dagens Næringsliv* at klubbane ikkje tar inn bøker til låg pris, fordi det er meir å tene på ei dyr. ("Vi tar den hvis du hever prisen [fra 218] til 278", skal ein bokklubb iflg. DN ha sagt til eit forlag. På bakgrunn av slike utsegner undersøker Konkurransetilsynet no om det har forekomme ulovleg prissamarbeid.) Formelt er det sikkert forlaga som til slutt sett bokhandelprisen, men dei har gjennom "tilrådingar" frå klubbane lært seg kva ei bok bør koste for at klubbane skal seie ja. Noen bøker er for billige til å komme på listene. Og som *Dagbladet* har peika på, prutar ikkje bokklubbane bokladeprisen ned, men ber iblant om at den blir sett opp. Også forlaga sjølve kan tene litt på framgangsmåten, for ei bokklubb-bok tåler gjerne ein høgare pris også i bokhandelen. Slik kan klubbane verke allment prisdrivande, også i bokhandelen, og ikkje reduserande, som Konkurransetilsynet ser ut til å ha trudd. Noe av meininga med bokklubbane var ein gong at medlemmane skulle få billigare bøker. Det ser knapt ut til å vere stor skilnad i dag. Rabattfordelen blir ikkje så høg fordi bokklubb-bøkene i utgangspunktet er prisa til eit høgare nivå enn andre jamførbare bøker. Då kan ein

heller ikkje lenger nytte prisskilnaden som viktigaste argument for å handle bøker til medlemspris i klubb framfor i bokhandel. I det lange løp går det omtrent ut på eitt, iallfall om ein ikkje berre held seg til bokklubblistene. Kjøper ein andre titlar, kjem ein kanskje billigare frå det. Dette spelet med prosentar som ikkje beinveges kan jamførast, føreset eit system med fast bokpris, og er opplagt ikkje i pakt med systemets *ånd*, sjølv om det er i orden etter systemets bokstav. Og om bokklubbane ikkje gir oss bra bøker billigare likevel, blir det vanskelegare å finne gode argument for å særbehandle dei.

Norge ligg truleg på topp i Europa, anten ein har fast pris eller fri, på nær alle punkt i faktaruta om bokklubbane ovanfor. Blant dei landa som har fast/regulert bokpris, har dei norske klubbane dessutan dei friaste vilkåra. Nesten overalt i fastprislanda i Europa har nye titlar karantene i minst eit halvt år før bokklubbsalet kan ta til, slik at bokhandlane først får sjansen til å selje til full pris. Medlemsrabatten blir på det viset ei belønning for å ha venta med å kjøpe. For å vere medlem må ein dessutan handle eit viss antal bøker i året og vere med i klubben ei viss tid. Utanlands er det til bokhandelens fordel at bøkene er *aktuelle*, til bokklubbens fordel at dei *kostar mindre*. Hos oss har bokklubbane fått begge fordelane, både aktualitet og avslag i pris. Norge er faktisk det einaste fastprislandet, bortsett frå Italia og Spania, som har aktualitetsbokklubbar, dvs. at salet i bokklubb- og bokhandel tar til samtidig. (I Italia har dei to klubbane ein marknadsandel på 3%, og i Spania ser det ut til at dei må halde fastprisen den første tida.)

Bokklubbane har i Norge ein veldig sterk posisjon, særleg De norske Bokklubbene, både økonomisk og kulturelt. Det er viktig å understreke at dei fleste store norske er kvalitetsbokklubbar, mens det vanlege i store klubbar i utlandet er eit lettare underhaldningstilbod. Visse sider ved utviklinga av bokklubbsystemet er diskutable, men uansett tvil og kritikk er det i dag semje om at utan bokklubbane ville færre ha kjøpt og lese den nye skjønnlitteraturen. Bøkene når på ein effektiv måte ut overalt i landet, og bokklubbane er nok den største "distriktsbokhandelen" vi har. Distriktspolitisk spelar bokklubbane likevel ei tvetydig rolle. Ingen sel så mykje ny skjønnlitteratur i distrikta, men samtidig er dei ein sterk konkurrent til den lokale bokhandelen.

Det er ikkje realistisk å tru at bokhandlane kan gjøre oppgåva like effektivt og bra om bokklubbane skulle forsvinne. Dette må ei lov om bokprisar ta omsyn til. Den må ikkje redusere bokkjøp og boklesing, og den må vere så nøytral og balansert som mogleg for konkurransen mellom salskanalane. Visse av dei oppgåvene

distriktsbokhandlane tar på seg, kan ikkje utførast av bokklubbane. Det gjeld fremst i rolla som lokal kulturinstitusjon, iblant i samarbeid med bibliotek og kulturkontor. Både bokklubbane og bokhandlane har sine sterke sider, og trengst begge to. Likevel må ein overgang frå privat avtaleregulering til offentleg lov og rett føre til visse endringar.

Bokhandlarane og dei store bokklubbane er altså *privat* blitt einige om at skilnaden kan vere inntil 25% mellom bokhandelens bundne pris og rabattprisen i klubben. Det skal likevel sterke grunnar til for at ei *offentleg lov* kan slå fast eller tillate ei så sterk konkurransevriding. Partane i bokbransjen kan med ei privatrettsleg avtale halde på eit bokklubbsystem av dagens slag, men med ei lov må bokklubbane og bokhandlane få konkurrere på rettvise og jamlike vilkår, og ein må ta omsyn til dei kulturpolitiske måla. Så lenge det er eit mål å ha eit spreidd og landsdekkande nett av fagbokhandlar, skal det i allfall mykje til å innføre ei lov med element som klart er i bokhandelens disfavør.

To alternativ:
Den kontinentale ordninga med *bokklubbkarantene* er til bokhandlane sin fordel i det første stadiet av bokas liv på marknaden (aktualitet, men fast pris), mens bokklubben seinare kan selje boka billigare enn bokhandelen (venting, men rabattpris). I Tyskland er karantenen vanlegvis 9 -12 månader, iblant kortare, iblant lenger. Det er vanleg at prisen blir lågare, jo lenger kunden ventar. Pris og aktualitet er viktige konkurranseparameter i forholdet mellom bokhandlar og bokklubbar.

Å innføre karantene for bokklubbsal av hovudbøker også i Norge vil truleg vere ei dårleg løysing litteraturpolitisk. Bokhandelen vil kunne starte salet først, men vil neppe kunne selje like mykje som det bokklubbane minkar, for bokhandlane vil ikkje kunne hamle opp med effektiviteten i klubbane. Alternativet med karantene vil kanskje styrke bokhandelnettet, men totalsalet kan altså gå tilbake. Karantene vil på så vis kunne motverke eit hovudmål for litteraturpolitikken å auke boklesinga og er derfor eit heller dårleg verkemiddel for å jamne ut konkurransevilkåra. Tilboda av tilleggsbøker har auka meir enn ein kunne tenke seg då aktualitetsklubbane kom. For tilleggsbøker kan det vere aktuelt å sette eit tak for kor mange titlar som kan seljast i bokklubb frå utgivingsdagen, mens dei øvrige må vente på å bli slupne fri.

Frå friprislandet Sverige kjenner vi at bokhandlarar priskrigar med bokklubbane og kvarandre på aktuelle bokklubbtitlar. Eit alternativ hos oss kan vere at også

andre forhandlarar – fagbokhandlar og nettbokhandlar får høve til å selje den vanlege forlagsutgåva på hovudbøkene med inntil 25% avslag [evt. fri rabatt for både bokklubb og bokhandel]. I ei eiga lov om bokprisar bør dette vere meir aktuelt enn karantene. Bokklubbane får konkurranse, men dei får selje hovudbøkene som før, så medlemmane vil ikkje oppleve noen skilnad. I tillegg blir dei same titlane til sals med inntil same bruttorabatt (evt. til fri pris) i fagbokhandlane. Bøkene blir lettare å få tak i til låg pris på fleire stader, noe som kan auke salet og lesinga. Om ikkje salet går ned, kjem forlaga til å tene på ei slik ordning, fordi forhandlarane vil måtte kjøpe vanlege ferdige utgåver, mens hovudbøkene i bokklubbane blir produserte på lisens, noe som gir mindre att til forlaga. Også forfattarane vil kunne få litt meir, fordi royaltyprosenten er høgare for bokhandelsal enn bokklubbsal.

[På bakgrunn av diskusjonen etter artiklane i *Dagens Næringsliv* om bokklubb-prisane, bør det overvegast om ikkje hovudbøkene skal seljast til fri pris. Om ein fast pris er utgangspunktet for rabatteringa, vil ein ikkje kunne hindre forhandlarane i å tene meir jo høgare forlaga set den "faste" prisen i bokhandelen.]

Ulempa ved gi allment høve til rabatt på hovudbokklubbtitlane, er at merksemda vil bli *enda* meir samla omkring populære sjangrar, bestseljarar og kjende forfattarar. Eit frislepp vil truleg komme til å auke det kommersielle trykket på den nye skjønnlitteraturen, og dei gode bøkene som klubbane *ikkje* vil ha, kan ufortjent komme enda meir i skyggen. Ei slik kommersialisering er kanskje eit viktigare argument mot å la også bokhandlane gi 25% rabatt [el. fri rabatt], enn dei innvendingane som vil komme frå bokklubbar fordi dei får nye konkurrentar.

I prinsippet finst det i dag inga øvre grense for kor mange bøker som kan komme i bokklubb. I dei siste åra har talet på skjønnlitterære hovudbøker for vaksne nærma seg tjue i året i kvar klubb, og det er blitt stadig fleire tilleggsbøker. Også dette undergrev i praksis fastprissystemet ved at fleire og fleire titlar blir å få med rabatt. Kanskje bør det settast grenser for kor langt ein kan gå. For at ingen klubbar skal tape på ei slik grense, bør alle få selje like mange hovedbøker og ekstrabøker som dei i dag gjør i den klubben som har utvida mest. For fagbokhandlane bør eit høve for å gi kunderabatt berre gjelde hovudboktitlane. Om bokhandelen skulle få gi rabatt på *alle* bøkene som blir lanserte i bokklubb, også dei 1200-1500 ekstrabøkene, ville det i praksis vere lite igjen av den faste prisen på allmennlitteraturen. Rabatt på tilleggsbøker bør framleis vere forbehalden bokklubbane, men bøkene må seljast med rabatt først etter karantene i noen månader frå utgivingsdatoen. I karantenetida vil bokhandlane ha sin sjanse til fullpris-sal, slik det er vanleg i andre land.

Spørsmålet er om ikkje krava til medlemskapet i bokklubbane no er blitt så få og små at det er blitt vanskeleg å grunngi kvifor nettopp bokklubbane skal ha rett til å gi rabatt, og andre forhandlarar ikkje. I dag har ikkje medlemmane plikt til å kjøpe ei einaste bok i heile medlemstida, og nye medlemmar kan få firefem bøker gratis. (*Dagens Næringsliv* fann her om dagen ut at det var mogleg å få 73 velkomstbøker til berre portoutgiftene.) Om bokklubbane framleis skal favoriserast, bør det i eit regelverk for bokbransjen takast inn krav til aktivt medlemskap som forpliktar medlemmane å kjøpe noen bøker i året. I alle fastprisland elles i Europa blir det stilt krav til medlemskapet i ein bokklubb, for eksempel om plikt til kjøp og medlemstid. I Norge er medlemslistene i dei store klubbane no mest ei adresseliste for postordresal. Med denne utvatninga av medlemsvilkåra har bokklubbane sjølve undergrave ordninga med rabatt på nye bøker.

Ein vesentleg grunn til at bokklubbane har møtt så vidt stor kulturpolitisk velvilje, er den funksjonen dei har som "distriktsbokhandel". Medlemmar overalt i landet kan få tak i bøker i klubbane. Men i våre dagar gjør også nettbokhandelen ein slik jobb. Sjølv om det enno er langt fram til at kundetala i nettbokhandlane kan jamførast med talet på bokklubbmedlemmar, liknar nettbokhandel mykje på bokklubb-verksemd.. Begge stader blir medlems- og kundelister nytta til både informasjon og marknadsføring. Nettbokhandelen Bokkilden har til og med ei ordning med medlemskap, alle nettbokhandlane har tilbodsprisar på bøker som ikkje er prisbundne, og bøkene får du med posten. Til nettbokhandelens og den vanlege bokhandelens sterke sider høyrer at dei kan skaffe langt, langt fleire bøker enn bokklubbane. Lager- og skaffeplikta til bokhandlane er ein kulturell funksjon som bokklubbane ikkje har, og som må telje til bokhandelens fordel nå ein veg ulike grep og verkemiddel mot kvarandre.

Nettbokhandlane er enno ikkje blitt særleg sterke konkurrentar til bokklubbane, men i prinsippet liknar dei så mykje på kvarandre at det har svekka argumenta for at bokklubbane skal setjast i ei særstilling når det gjeld å få selje nye bøker med rabatt. Innhaldet i omgrepet medlem/medlemskap er blitt tynnare i takt med at vervebøkene er blitt gratis og fleire, og vervepremiane alt finare. Og den økonomiske fordelen ved bokklubbane ser ikkje ut til å vere som medlemmane reknar med. Om det er rett at bokklubbane også er med på å drive opp prisane på allmennlitteraturen, må også dei som ikkje er medlemmar vere med på å betale kva dette kostar.

Ebøker/digitale tekstar og den faste bokprisen

Framtida er digital også i bokbransjen, sjølv om dei fleste føretak hittil har tapt

pengar på den nye teknologien. Vi har fått nettbokhandlar, og både *print on demand* og *ebøker* med *ebokhandel* er under utvikling. Alt som ser nytt ut, er det likevel ikkje. Bokhandel med vanlege bøker på nternett har nok framtida for seg, men den er i prinsippet ikkje anna enn ein moderne variant av det gamle postordresalet. Med IT som hjelpemiddel blir handelen enklare og meir effektiv, men det handlar framleis om dei same trykte bøkene som også finst i bokhandlane. Hittil har mindre enn 10% av nordmennene kjøpt bøker via nettet, og halvparten av handelen er med utanlandske bøker, som har fri pris. Men internettbokhandel kjem til å auke også når det gjeld norske bøker, og bli ein stadig meir kjennbar konkurrent for den vanlege bokhandelen, i og med at dei held på med same bøker. På kort sikt er nettbokhandelen ein sterkare konkurrent til den tradisjonelle bokhandelen enn ebokhandelen, men når eboka verkeleg slår gjennom, kan følgjene bli langt større. I visse bokgrupper vil eboka ikkje berre bli eit supplement, men etterkvart overta for den trykte. Det er for øvrig mange vanlege bokhandlar som i dag har internettsal i tillegg, og vi har også noen spesialiserte nettbokhandlar. Konklusjon: Det er ingenting i vegen for å pålegge nettbokhandlane å halde på den faste prisen (slik dei gjør i dag), og det er elles ingenting ved denne forma for bokhandel som gjør at den skal behandlast etter andre reglar enn dei øvrige som handlar med bøker. Netthandel med trykte bøker må falle inn under ei eventuell lov, og slektskapen er så stor mellom nettbokhandel og bokklubb at heller ikkje den siste kan unntakast.

Print on demand – behovstrykk – er også blitt mogleg gjennom framsteget i den digitale teknologien. *PoD* vil gjøre det mogleg å trykke små opplag på bestilling til overkommeleg pris, slik at bøker som elles ikkje ville bli utgitt av økonomiske årsaker, no vil kunne komme ut. Behovstrykking vil med andre ord kunne gjøre utgivinga breiare og gi fleire høve til å ytre seg i bokform.

Skal Print on Demand-eksemplar/bestillingstrykk ha fast eller fri pris? Ingen av dei fastprislovene som finst, seier noe om dette, heller ikkje dei som har komme dei siste åra. Med dagens teknologi er det vanskeleg å førestille seg at det i dei nærmare åra kan bli aktuelt å trykke anna enn (private) enkeltbøker eller småopplag som PoD. Då blir det snakk om‘å betale for å få gjort individuelle oppdrag, og omgrepet ”fast pris”, slik det blir nytta i bokbransjen, blir meiningslaust. Bøker trykt som PoD, må altså falle utanfor ei bokprislov. Det er nok eit vanleg syn at nettbokhandel *skal vere med i* ei eventuell lov, mens print on demand og ebøker *ikkje kan* det.

For to-tre år sidan trudde ein at ebøker og andre elektroniske tekstar snart skulle få

eit gjennombrot. I dag er det meste av optimismen og entusiasmen borte både hos oss og i resten av Europa, iallfall nå det gjeld eboka i trong meining, dvs. digitale tekstar til å lese på små, bokliknande leseapparat. Det er fleire grunnar til at det ikkje er særleg oppstuss omkring ebøkene, og særleg ikkje for skjønnlitteraturen. Mykje av den skjønnlitteraturen som kjem som ebøker, er dessutan backlist, ofte bøker som har falle i det fri, og som er lagt ut til gratis nedlasting. For lærebøker/ skolebøker, handbøker, hobbybøker, reisehandbøker, leksika, fag- og yrkeslitteratur er det derimot ein for lite utvikla teknologi som mest står i vegen for det store gjennombrottet. (Elektronisk "papir"? Hittil har utviklinga også vore hemma av at det finst eit virvar av ulike format og maskinplattformer for ebøker.) Det er desse boktypane bokhandlar flest i dag har som brødvarer, og særleg dei vanlege bokhandlane som i dag lever av skolebøker, kjem til å få det vanskeleg, og mange vil bli nedlagte. Den teknologiske utviklinga vil nok vere ei sterkare kraft enn kulturpolitikken når det gjeld utviklinga av bokhandelen, og sjølv støtteordningar for bokhandlane vil nok i det lange løpet vere til fånyttes for noen. (Handelen med skolebøker kan illustrere situasjonen ein har på ebokområdet. I noen fag finst det læremiddel som består av både trykt bok og eit digitalt supplement. Skolen/ eleven betaler for den trykte boka, mens PCdelen er fritt tilgjengeleg; gratis, tilsynelatande! I røynda betaler dei sjølvsagt også for den digitale delen når dei kjøper boka. På den måten kan forlaget halde den faste bokprisen og løyse problemet med dei økonomiske rettane til forfattarar og forlag.)

I den store samanhengen heng den labre interessa for ebøker saman med nedgangen i den globale ITøkonomien. Problema med å administrere dei økonomiske rettane til forfattar og forlag er nok heller ikkje løyste skikkeleg enno, og før ein kan få til ein sikker og enkel handel, vil det ikkje komme noe gjennombrott for utgivinga. Det er også eit godt stykke fram før teknologien er så god at det vil freiste lesarar flest til å gå over frå trykt bok til leseapparat.

Hittil har ein hos oss halde på med ganske enkle øvingar, og den gamaldagse, trykte boka vil i mange sjangrar og i tiår enno vere eletronikken overlegen. Dessuten er det ikkje alle typar bøker og tekstar som kan gjøre seg nytte av det som er dei sterke sidene ved eboka: Den kan romme levande bilde og musikk, den kan vere interaktiv, vi kan kople oss til andre etekstar med hjelp av hyperlenker, og boka kan lett og fort opppdaterast. (Kanskje vil vi trenge eit anna ord enn "bok" for å få fram at den guthenbergske tida er på hell?) Dette vil bli revolusjonerande framsteg for kunnskapslitteraturen, men fordelane spelar absolutt inga rolle for roman og diktlesarane, og det vil derfor gå lang tid før det kjem eit gjennombrott for

skjønnlitteraturen som ebok. Før dette skjer, må også leseapparata forbetrast radikalt, og ein heil kultur og mentalitet omkring den trykte boka må endra seg. Det er altså fleire forhold som gjør at bokhandlar som har mest skjønnlitteratur og visse typar generell litteratur, ikkje treng frykte å bli utkonkurrerte av ebøker med det første.

Ebøker i framtida

Ebokhandelen er noe heilt anna og meir avansert enn nettbokhandelen. Den blir ein database på ein stor servar, ein virtuell bokhandel utan trykte eksemplar i hyller. (Ingen ebøker treng å ta vegen gjenom ein bokhandel for trykte bøker.) Ebokhandelen blir ein klareringssentral som mot betaling "låser opp" for kundane ein database med krypterte tekstar, og som administrerer handelen slik at forfattarane og andre med opphavsrett får det vederlaget dei har krav på (Digital Rights Management, DRM). I dag er det ingen internasjonal fellesstandard verken for teknologien eller formatet, og dette hemmar utviklinga på ebokområdet. Dei største slåss snarare for å gjøre nettopp *sine* løysingar til standard.

Publisering som ebok inneber at ein slepp utgiftene til sats og trykking, til vanleg lagerhald, transport/distribusjon og bokhandlarrabatt. Dette bør gjøre ebøker mykje (?) billigare å produsere og handle med enn papirbøker. Om ebøker har frie prisar, vil ikkje ha noe å seie for ein vanleg bokhandel med faste. Derimot vil det bety mykje om dei digitale blir mykje *billigare* enn dei trykte. Vanlege bøker vil då framstå som tilsvarande mykje dyrare, noe som vil slå ut negativt for bokhandelen og den trykte boka.

Det blir heilt sikkert ikkje plass for like mange ebokhandlar i Norge som det er for butikkar med trykte bøker. Ja, ebøker kan like gjerne seljast i Norge frå land langt borte frå med hjelp av noen få tastetrykk. Ebokhandelen sel berre innhaldet i digitalisert form, ikkje ei innpakning også. Når ein kjøper ei trykt bok, derimot, kjøper ein både medium og innhald til eige. Ein skole som skal kjøpe ei ebok, vil kanskje betale for ei viss mengd lisensar i ei viss tid, dvs. for *bruken*, og ikkje for å få eige eit fysisk eksemplar. Jo fleire og meir langvarige lisensar, jo billigare; og kjøper ein tre ulike læremiddel, blir det nok billigare pr. lisens enn om ein kjøper berre to. Fast pris for berre det digitale innhaldet blir ulogisk og umogleg, og vi vil sikkert få sjå omsetningsmodellar for ebøker som er veldig ulike dagens handel med trykte bøker. Den faste bokhandelprisen høyrer heime i dei trykte bøkene si verd, og ikkje i dei elektroniske si. I ei eventuell lov må altså ebøker haldast utanfor.

2
FORSLAG TIL INNHALD I LOV OG FORSKRIFT OM PRISAR PÅ BØKER

For ordens skyld: Dette er ikkje eit forsøk på å lage ein konkret tekst til lov og forskrift. Mange detaljar som må vere med i ein bransjeavtale, er heller ikkje tatt opp i det heile (leveringsvilkår, returrett, betalingsfrist osv.). Eg har likevel forsøkt‘å sortere innhaldet etter kor det kan høyre heime; i lov, forskrift eller bransjeavtale. Ein lovtekst må sjølvsagt skrivast av folk med lovteknisk kompetanse.

Enno ein gong vil eg presisere at innhaldet i denne utgreiinga berre står for mi eiga rekning og ikkje for Norsk kulturråds. Forslaga til innhaldet i lov/forskrift er heller ikkje drøfta i noen av Norsk kulturråd sine organ.

Eit regelverk for bokprisar og boksal kan altså bestå av ein offentlegrettsleg del såvel som ein privatrettsleg:

(A) ei *formell lov* (med målsetting og visse rammer og prinsipp),
(B) ei *forskrift* (med bl.a. definisjonar, presiseringar og tillegg),
(C) ein privatrettsleg *bransjeavtale*, som bl.a. tar for seg handelsvilkåra.

Prinsipp:

- Lova skal konkret fremje kultur og litteraturpolitiske mål, jf føremål i punkt 0.

- Økonomisk må heilskapen vere balansert, slik at det blir mogleg for partane i bokbransjen til å klare seg og å fylle ei kulturpolitisk rolle.
- Lova bør vere mest mogleg konkurransenøytral, og kan ikkje favorisere noen av salskanalane om det ikkje skulle finnast særlege kulturpolitiske grunnar.
- Ein bør ta særleg omsyn til målet om å ha eit landsdekkande nett av gode fagbokhandlar, og dessutan til om ein regel kan fremje lesing.

Lov, forskrift, privat avtale
Lov = **feit**
Forskrift = *kursiv*
Privat avtale = vanlig

0 Føremålet

Lova skal styrke norsk språk og fremje kunnskap og bok-kultur, den skal vere med på å halde oppe ei mangfaldig og god norsk bokutgiving, og gi lesarane valfridom og tilgang til bøker, med eit spreidd og landsdekkande nett av gode fagbokhandlar som hovudforhandlarar.

1 Lova gjeld

Som hovudregel gjeld lova trykte bøker på norsk i alle salskanalar, med dei unntaka som er nemnde i lova og forskrifta.

Lova gjeld også for lydbøker.
Lova gjeld også for skolebøker i framandspråkfaga.
Lova gjeld også direkte sal frå forlaga, sal gjennom bokklubb og nettbokhandel til kundar i Norge.
Lova gjeld også for bøker på norsk utgitt i utlandet for sal i Norge.
Dessutan gjeld lova for gjenimport av bøker på norsk som tidlegare er utførde, om verknaden blir at denne lova blir omgått.

2 Lova gjeld ikkje

ebøker, behovstrykk (Print on demand) og bøker på norsk som reelt blir eksporterte. Lova gjeld heller ikkje a) forfattar og omsetjareksemplar av eigne eller andre sine bøker ved direkte kjøp frå forlagsutsal b) leseeksemplar for tilsette i bokhandel, c) meldareksemplar.

3 Den faste bokprisen

3.1 Forlaget har plikt til å bestemme ein fast utsalspris til publikum for nye bøker på norsk i alle salskanalar, og å passe på at reglane for den faste bokprisen blir haldne. For importerte bøker på norsk har importøren desse pliktene.

Den faste bokprisen gjeld i utgivinngsåret og kalenderåret etter.

– Med "nye bøker" meiner ein originalutgåva og opptrykk med eigne ISBNnummer.

– Forhandlarane kan bestemme ein ny utsalspris når fastpristida går ut, men forlaget kan forlenge tida med fast bokpris om dei informerer alle forhandlarane minst ein månaden i føreveg og gir gratis retur.

– Skolebøker har fast pris inntil forlaget endrar denne.

– Det skal opprettast ein database på Internett der opplysningar om den faste prisen på kvar tittel og lengda på fastpristida, skal vere tilgjengelege minst ein månad før utgivingsdagen. Kvart forlag har ansvaret og skal bere kostnadene for å halde ved like opplysningar om sine bøker. I denne databasen skal også bokklubbar kungjøre minst ein månad før utsending kva for bøker dei vil selje som hovudbøker, kva bøkene kostar ordinært og kor høg brutto- og nettorabatten er.

4 Andre unntak frå lova, pris bestemd av forlaget

4.1 Det er tillatt med lanseringspris i høgst ein månad for allmennlitteratur i serie, subskripsjonspris på verk før utgiving, og heile seriar/verk kan koste mindre enn alle enkeltbinda til saman (seriepris).

5 Ulike rabattar til publikum/sluttkunde, bestemde av forhandlaren

5.1 Det er tillatt med rabatt på skolebøker (inntil xx%) og bøker til offentlege bibliotek (inntil xx%). Rabatten kan bereknast pr. eksemplar ut frå den faste bokprisen, eventuelt på grunnlag antalet på eksemplar i bestillinga eller av ordreverdien.

5.2 Det er tillatt med kunderabatt på inntil xx% på messer og andre publikumsarrangement med deltaking frå minst xx forlag og forhandlarar med reelt ulike eigarar.

[Kommentar:
Alle bokprislovene i VestEuropa (unntatt den tyske) opnar for ein allmenn kunderabatt, som kan variere fra land til land, frå 5% i Frankrike til 15% i Italia. I noen land kan ein dessutan få rabatt i samband med særskilde arrangement, for eksempel på Bokas dag i Spania. Hos oss gir Bransjeavtalen ikkje grunnlag for dette. Den idéen har vore sett fram at ein skal kunne gi rabatt ved bokmesser og andre publikumsarrangement, slik det er vanleg i andre bransjar. Kanskje det er tid for å diskutere denne tanken på nytt? Forlaga og forhandlarane kan for eksempel få høve til å gi rabatt på enkelttitlar i samband med offentlege bokarrangement. For å utelukke reine marknadsføringstiltak, signeringar og salskampanjar, kan ein sette som vilkår at det må delta fleire forlag og forhandlarar med reelt ulike eigarar.]

5.3 Det er tillatt med mengderabatt eller ordreverdirabatt

Det kan lagast standardskalaer for ulike bokgrupper. [jf. skalaen for mengderabatt i dagens bransjeavtale: For 1024 eksemplar: 5%; for 2549: 10%, for 5099: 15%,

for 100249: 20%, for 250499: 25%, for 500 og fleire: Fri rabatt. Rabatten gjeld i dag ikkje skolebøker.

[Kommentar om mengderabatt: Det er i fri handel ikkje uvanleg å gi rabatt til kundar som kjøper eit stort kvantum (kvantumsrabatt) eller for ein stor sum (ordreverdirabatt). Dette førekjem tom. i den tyske bokhandelen trass i det restriktive synet på rabattar.]

5.4 Det er tillatt med inntil xx% rabatt på studiebøker og annan fag og yrkeslitteratur [dvs. dagens bokgruppe 2] **for studentar ved universitet og høgskolar.**

[Kommentar: I noen land med fast bokpris har dei ein eigen rabatt til studentar på pensumbøker og annan faglitteratur . Grunnen er sjølvsagt at bøker kan vere ei høg utgift for ei stor gruppe som ikkje har særleg god råd. Studentrabatt-ordningane varierer mykje frå land til land. I Tyskland er dei strenge og gir rabatt berre på reine pensumbøker i samband med undervisning. I Danmark kan studentar få inntil 10% på alle bøker. Ein mellomveg kan vere å tillate studentrabatt for bokgruppe 2, dvs. lærebøker for høgare utdanning, faglitteratur og yrkeslitteratur. Ingen studentrabatt på gruppene 1 og 36.]

6 Retten til å selje bøker

6.1 Som ein hovudregel kan alle firma forhandle bøker, med dei unntaka som lova og forskriftene har.

6.2 For å få status som fagbokhandel må ein ta på seg lager og skaffeplikt, og salet skal gå føre segi fast lokale med allmenn tilgang for publikum. Filialar av fagbokhandel har eiga lager og skaffeplikt.

- Små fagbokhandlar skal ha eit boklager på minst 1 000 prisbundne titlar, mellomstore på 2 000 og store på minst 3 000 titlar. (Skolebøker blir ikkje rekna med.)

- I særlege høve kan små bokhandlar få dispensasjon for å ha mindre lagerplikt.
- Bransjeorganisasjonane [evt. eit nytt organ] fastset standardregler for plassering i lagerpliktgruppe.
- Fagbokhandlar skal ha *sortimentsrabatt* etter kor stort lagerhald dei har tatt på seg, og kor stor omsetning dei har av allmennlitteratur. (Skolebøker og faglitteratur skal ikkje reknast med.)
- Gode fagbokhandlar (med kvalifisert leiar og personale, godt bokutval, god service, arrangement som fremjar boklesing mm.) har rett til ein mindre *kvalitetsrabatt* på innkjøpet av allmennlitteratur.

- Dei mellomstore og store bokhandlane skal blant lagerplikttitlane ha obligatorisk abonnement med gjenkjøpsplikt på dei bøkene som blir kjøpt inn over Norsk kulturråds innkjøpsordningar.

- Bokhandlane vel elles sjølve dei titlane dei vil ha på lager, og garanterer forlaga og publikum at ein har minstetalet til eikvar tid.
- Fagbokhandlar kan ha eigne skolebokutsal eller annan nisjebokhandel utan lagerplikt for allmennlitteratur.

7 Einerett til å selje trykte skolebøker

7.1 Fagbokhandlar har einerett til å selje trykte lærebøker

8 Skaffeplikt og leveringsplikt

8.1 Fagbokhandlar har skaffeplikt for alle bøker på norsk som finnes på lager

- Forhandlarar som berre har eit visst sortiment (nisjebokhandel el.l.), har skaffeplikt berre for dette.
- Forlaga har normalt plikt til å levere til forhandlarane som finst på lager.
- Forlag skal levere skolebøker berre til fagbokhandlar.

9 Bokklubbar

9.1 Som unntak frå regelen om fast bokpris, kan bokklubbar selje til medlemmane inntil 20 nye titlar i året med inntil 25% rabatt [evt. til fri pris?]**. Bokklubbane må kunngjøre seinast ein månad innan utsending kva for titlar dette gjeld.**

9.2 Også fagbokhandlar og filialar, og dessutan nettbokhandlar, kan gi inntil 25% kunderabatt [evt. fri pris?] **på forlagsutgåva av dei same titlane.**

9.3 Ein bokklubb kan minst 6 månader etter forlagets utgivingsdag selje ytterlegare 40 titlar [ekstrabøker] i året med 25% medlemsrabatt.

9.4 Ein bokklubb kan selje annan allmennlitteratur med 25% medlemsrabatt frå ni månader etter førsteutgivinga, likevel ikkje i utgivingsåret.

Bøker som har vore "hovudbok"/"månadens bok", kan nyttast som vervebok først ni månader etter at originalutgåva kom, likevel ikkje i utgivingsåret. Andre titlar kan ikkje nyttast i medlemsverving eller som bonusbok (el.l.) så lenge originalutgåva har fast pris.

Eigne opptrykksutgåver, som blir gitt ut av bokklubb og berre er i sal der, kan ikkje komme tidlegare enn tolv månader etter førsteutgåva. På slike opptrykksutgåver bestemmer bokklubben prisen.

Om ein bokklubb er forlag for ei originalutgåve, gjeld elles same reglar som for vanlege forlag.

10 Forhandlarrabatt og bonus

Organisasjonane i bransjen kan i ein økonomisk bransjeavtale tilrå standard rammer for forhandlarrabattar og andre standard handelsvilkår.

På førsteeksemplar av ny allmennlitteratur skal ein fagbokhandel ha xx% av den faste bokprisen.

Bokhandel som ikkje er fagbokhandel, kan bestille førsteeksemplar av allmennlitteratur (uten gjenkjøpsplikt?) med xx% spesialrabatt ved første gangs bestilling i utgivingsmånaden og månaden etter.

11 Misleghald og sanksjonar

11.1 *Brot på lova og forskriftene kan påtalast og forfølgjast.* [Kva er passande sanksjonar?] Mot brot på bransjeavtalen kan det dessutan treffast tiltak innanfor bokbransjens rammer. Moglege sanksjonar kan vere åtvaring, utelukking frå samhandel, suspensjon av retten til å selje skolebøker, bot.

Nytt organ?

Det burde kanskje opprettast eit nytt bransjeorgan

– eit Bokbransjens fellesråd – som bl.a. kan tolke regelverk og ta stilling til tvistemål, stå for godkjenning av fagbokhandlar, bestemme bransjeinterne tiltak ved brot på lov/forskrift og bransjeavtale mm.?

3
TILLEGG

A. Regulert/fast bokpris ved lov eller avtale i ein del land i Vest og SørEuropa

Land	***Lov***	***Avtale***	***År***	***Merknad***
Belgia		Avtale		
Danmark		Avtale	2001	Fast pris som *rett*. Fri pris på skolebøker
Frankrike	Lov		1981	Fri pris på skolebøker
Hellas	Lov		1997	Fri pris på skolebøker
Italia	Lov		2001	Inntil 20% rabatt til skolar og bibliotek
Luxembourg		Avtale		Lov under førebuing
Nederland		Avtale	-/2000	
Norge		Avtale	1962/1999	
Portugal	Lov		1996	Fri pris på skolebøker
Spania	Lov		1975	Fri pris på skolebøker
Sveits		Avtale		
Tyskland	Lov		2002	
Østerrike	Lov		2000	Fri pris på skolebøker

Finland, Irland, Storbritannia og Sverige har frie bokprisar.

B. Alle land med prislov pålegg forlaget/evt. importøren ei plikt til å bestemme ein fast pris. Blant dei landa som har fast pris gjennom avtale, har nokre ein *rett* til å sette fast pris, og andre ei *plikt*:

Land	***Avtale om fast pris som* plikt**	***Avtale om fast pris som* rett**
Danmark (fom. 2001)		Rett
Luxemburg		Rett
Nederland	Plikt	
Norge	Plikt	
Sveits		Rett

C. Lengda på prisreguleringa

Land	***Lengd***
Danmark	Utgivingsåret og kalenderåret etter
Frankrike	I praksis to år
Hellas	I praksis to år
Italia	I praksis to år
Nederland	To år
Norge	Utgivingsåret og kalenderåret etter
Portugal	18 månader
Spania	I praksis to år
Tyskland	I praksis minst 18 månader
Østerrike	I praksis to år

D. Regulert eller fri pris på importerte bøker

Land	***Regulert***	***Fri***	***Merknad***
Danmark		Fri	
Frankrike	Fast		
Hellas		Fri	(Fast pris på bøker på gresk)
Italia	Fast		
Luxemburg	Lov foreslått		
Norge		Fri	
Portugal	Fast		Fast på bøker på portugisisk
Spania	Fast		
Sveits	Fast		Fast berre på bøker på tysk
Tyskland	Fast		Importøren set den faste prisen
Østerrike	Fast		Fast pris for bøker på tysk

E. Prisar på skolebøker og bøker til bibliotek i land med prisregulering

Land	***Skolebøker***	***Bibliotek***
Danmark	Fri pris	Fri pris
Frankrike	Fri pris	Fri pris
Hellas	Fri pris	Fri pris
Italia	Inntil 20% rab.	Fri pris
Norge	5-7% rab.	Inntil 20%
Portugal	Fri pris	Inntil 20%
Spania	Inntil 25% rab.	Inntil15%
Sveits	Mengderabatt	Inntil 10%
Tyskland	Mengderabatt	Inntil 15%
Østerrike	Fri pris	Inntil 10%

F. Rabatt på bøker til vanlege bokkundar i land med prisregulering

Land	***Satsar mm.***
Danmark	Kan sette fri pris på enkelt-titlar. 10% rab. til studentar.
Frankrike	Inntil 5% rab.
Hellas	Inntil 10% rab.
Italia	Inntil 15% rab.
Luxemburg	Fri rabatt førekjem
Norge	Ingen rab.
Portugal	Inntil 10% rab.
Spania	Inntil 5% rab., 10% rab. ved messer
Sveits	Ingen allm. rab.
Tyskland	Ingen allm. rab.
Østerrike	Inntil 5% allm. rab.

G. Bokklubbar i land med prisregulering

Land	***Tilhøve***
Danmark	6 månaders karant.
Frankrike	9 månaders karant.
Hellas	Ingen bokklubbar
Italia	Samtidig
Norge	Samtidig
Portugal	9 månaders karant.
Spania	Samtidig, full pris
Tyskland	Helst 9-12 månaders karantene
Østerrike	Helst 9-12 månaders karantene

H. Må ha fritak frå konkurranselov/antitrustlov

Land	*Må ha fritak?*
Danmark	Ja
Frankrike	Nei
Hellas	Nei
Italia	Nei
Nederland	Ja
Norge	Ja
Portugal	Nei
Spania	Nei
Sveits	Ja
Tyskland	Ja
Østerrike	Nei

I. Regimet for bokpris-regulering i ein del fastprisland

Land	*Lov/ Avtale*	*Fast pris: Rett el. plikt*	*Fastpristid*	*Import*	*Allm. kunde-rabatt*	*Skolebøker*	*Bibliotek*	*Bokklubb-karantene*
Danmark	Avtale	Rett	1-2 år	Fri pris	Mogleg	Fri pris	Fri pris	6 månader
Frankrike	Lov	Plikt	2 år	Fast pris	Inntil 5%	Fri	Fri	6 månader
Hellas	Lov	Plikt	2 år	Fast/fri	Inntil 10%	Fri	Fri	----
Italia	Lov	Plikt	2 år	Fast	Inntil 15%	Inntil 20%	Fri	Samtidig
Norge	Avtale	Plikt	1-2 år	Fri	Nei	5-7%	Inntil 20%	Samtidig
Portugal	Lov	Plikt	18 mndr.	Fast/ri	Inntil 10%	Fri	Fri	9 månader
Spania	Lov	Plikt	I praksis 2 år	Fast	Inntil 5%	Fri	Inntil 25%	Samtidig
Tyskland	Lov	Plikt	Minst 18 mndr.	Fast/fri	Nei	Inntil 15%	Inntil 10%	Helst 9-12 månader
Østerrike	Lov	Plikt	I praksis to år	Fast/fri	Inntil 5%	Fri	Inntil 10%	Helst 9-12 månader

J. Jamføring av forslaget til lovinnhald og bransjeavtalen

Regel	***Forslag til innhald i lov***	***Noverande bransjeavtale***
Formål	Lova skal styrke norsk språk og fremje kunnskap og bok-kultur,den skal vere med på å halde oppe ei mangfaldig og god norsk bokutgiving, og gi lesarane valfridom og tilgang til bøker, med eit spreidd og landsdekkande nett av gode fagbokhandlar som hovudforhandlarar.	Bransjeavtalens mål er å fremme kultur- og kunnskapsformidling, stimulere leseinteresse og kunnskapstilegnelse og bidra til å styrke norsk språk og skriftkultur. Avtalen skal bidra til å opprettholde en effektiv norsk bokutgivelse med bredde i emner og kvalitet. Avtalen skal videre fremme salg av bøker gjennom en rasjonell distribusjon og et effektivt desentralisert bokhandlernett, slik at tilgjengelighet og valgfrihet for forbrukerne ivaretas.
Fastprisperiode	Utgivingsåret og kalenderåret etter	Utgivingsåret og kalenderåret etter
Fast pris på	Nye bøker på norsk i alle sals-kanalar	(Nye bøker på norsk)
Lagerplikt	Ja, gradert etter omsetninga	Nei, frivillig abonnement
Frivillig abonnement	Nei	Ja
Skaffeplikt	Ja	Ja
Leveringsplikt	Ja	Ja
Einerett til skoleboksal	Ja	Ja
Sortimentsrabatt	Ja	Ja
Kvalitetsrabatt	Ja	-
Førsteeksemplarrabatt	Ja, 70%	Ja, 70%
Spesialrabatt på førsteeks.	Ja, 60%	Ja, 60%

Einerett til sal av skolebøker	Ja	Ja
Messerabatt	Ja, XX%	-
Studentrabatt	Ja, XX%	-
Mengderabatt	Ja	Ja
Bibliotekrabatt	Ja, XX%	Ja, 20%
Skolebokrabatt	Ja, XX%	Ja, 5% – 7%
Bokklubbrabatt berre i bokklubb	Nei, 25% på hovudbøker også i fagbokhandel og nettbok-handel	Ja, 25%
Tillate med		
- Lanseringspris	Ja	(Ja)
- Subskripsjonspris	Ja	(Ja)
- Seriepris	Ja	(Ja)
Lova gjeld ikkje for		
- ebøker	Nei	-
- print on demand	Nei	-
- bøker på framandspråk	Nei	-
- reell eksport	Nei	-
- forfattar- og omsettareks., - leseeks. for tilsette i bokhandel	Nei	-
- skada eksemplar	Nei	

Om forfattaren

Anton Fjeldstad (f. 1943) er cand. philol. med nordisk hovudfag. Har bl.a. vore førsteamanuensis i nordisk litteraturvitenskap ved universitetet i Tromsø 1973-1985, og var 1991-1994 leiar for det litteratursosiologiske prosjektet "Den litterære institusjonen i Norge"/LITINOR. Sia 1998 Rådgivar på bokområdet i administrasjonen i Norsk kulturråd. Fleire utgreiingsoppdrag for Kulturrådet. Har bl.a. skrive rapporten *Å sette pris på bøker*. *Prissystema for bøker i ein del vest-europeiske land*. I 2003 tilsett som forskar ved Institutt for medier og kommunikasjon ved UiO for å arbeide med norsk kulturpolitikks historie.

UTGREIINGAR FRÅ NORSK KULTURRÅD

Norsk kulturråd gir ut utgreiingar i to skriftseriar:
Rapportar: Her blir det i hovudsak gitt ut sluttrapportar frå utgreiings- eller evalueringsprosjekt av eit visst omfang, og som kan ha brei interesse for norsk kulturliv.
Notat: Her blir det gitt ut arbeid av mindre omfang eller av meir førebels karakter.

Nokre utgjevingar er ikkje lengre å få tak i.

Rapportserien

Rapport nr. 31:	Jørgen Langdalen: *Musikkliv og musikkpolitikk - en utredning om musikk ensemblene i Norge,* 2002
Rapport nr. 30	Jostein Gripsrud: *Populærmusikken i kulturpolitikken,* 2002
Rapport nr. 29:	Bergljot Baklien og Unni Krogh: *Evaluering av Mosaikk – et program under Norsk kulturråd*, 2002
Rapport nr. 28:	Anne-Britt Gran: *Mosaikk – når forskjellen forener*. En evaluering av programmet for kunst og det flerkulturelle samfunn, 2002
Rapport nr. 27:	Georg Arnestad: *"Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert oppløyst ogomskapt…"* Om folkemusikk og folkedans i det seinmoderne Noreg, 2001
Rapport nr. 26:	Halfdan W. Freihow: *Den edle hensikt – helliger den midlene?* En utredning om statens innkjøpsordninger for litteratur, 2001
Rapport nr. 25:	Geir Vestheim: *Ni liv*. Om legitimitet og overlevingsevne i innkjøpsordningane for norsk skjønnlitteratur, 2001

Rapport nr. 24: Anton Fjeldstad: *Å sette pris på bøker*. Om prissystema i ein del vesteuropeiske land, 2001,

Rapport nr. 23: Nils Asle Bergsgard og Sigrid Røyseng:*—Ny støtteordning – gamle skillelinjer*. Evaluering av ordningen med tilskudd til fri scenekunst, 2001, 139 sider.

Rapport nr. 22 Christian Lund, Per Mangset og Ane Aamodt (red.) *Kunst, kvalitet og politikk.* Rapport fra Norsk kulturråds årskonferanse 2000, 2001, 158 sider

Rapport nr. 21: Cecilie Wright Lund: *Kritikkens rom – rom for kritikk?* Kulturstoffets rolle i dagspressen, 2000, 139 sider.

Rapport nr. 20: Pernille Haugen: *Litterær mediedebatt 1998*, 2000, 187 sider.

Rapport nr. 19: Jorid Vaagland, Halvor Fauske, Hilde Lidén, Roel Puijk og Hanne Riese: *Kulturpolitikken og de unge*, 2000, 344 sider

Rapport nr. 18: Ellen K. Aslaksen og Christian Lund: *Grenseløs utkant?* Norsk kulturliv mellom sentrum og periferi, 2000, 129 sider.

Rapport nr. 17: Sigrid Røyseng: *Operadebatten*. Kampen om kulturpolitisk legitimitet, 2000, 147 sider

Rapport nr. 16: Ellen K. Aslaksen: *Teater ut til bygd og by?* Scenekunstformidling på 90-tallet - to forsøksprosjekt og to tenkemåter, 2000, 106 sider.

Rapport nr. 15: Tom Eldegard: *Kunstnere og trygd.* Om konsekvenser av kunstnernes arbeids- oglønnsvilkår for de pensjons- og trygdeytelser de oppnår, 1999, 84 sider.

Rapport nr. 14: Jørgen Langdalen, Christian Lund og Per Mangset (red.)*: Institusjon eller prosjekt - organisering av kunstnerisk virksomhet.* Rapport fra kulturrådets årskonferanse 1998, 1999, 128 sider.

Rapport nr. 13: Anne-Britt Gran: *uLike barn leker best.* En evaluering av prosjektet "Teater for alle", 1999, 111 sider.

Rapport nr. 12: Svein Bjørkås: *Det muliges kunst. Arbeidsvilkår blant utøvende frilanskunstnere,* 1998, 148 sider.

Rapport nr. 11: Per Mangset: *Kunstnerne i sentrum.* Om sentraliseringsprosesser og desentraliseringspolitikk innen kunstfeltet, 1998, 280 sider.

Rapport nr. 10: Knut Løyland: *Produksjon av nynorsk litteratur.* En vurdering av noen statlige virkemidler, 1997, 75 sider.

Rapport nr. 9: Per Mangset: *Kulturskiller i kultursamarbeid*. Om norsk kultursamarbeid med utlandet, 1997, 362 sider.

Rapport nr. 8: Ellen Aslaksen: *Ung og lovende.* 90-tallets unge kunstnere - erfaringer og arbeidsvilkår, 1997, 167 sider.

Rapport nr. 7: Odd Skaarberg: *Evaluering av prosjektet «Aktiv musikk for alle»*, 1996, 109 sider.

Rapport nr. 6: Georg Arnestad & Per Mangset (red.): *Kulturfeltet i storbyene.* Rapport fra en konferanse i Trondheim 19.-20. juni 1995, 1996, 111 sider.

Rapport nr. 5: Einar Harboe, Advokatfirmaet Bugge, Arentz-Hansen & Rasmussen: *Kunstneres skatte- og trygdeforhold*, 1996, 90 sider.

Rapport nr. 4: *Improvisasjon sett i system - om etablering av Norsk jazzforum*. Utgreiing frå ei arbeidsgruppe oppnemnd av Norsk kulturråd, 1995, 62 sider.

Rapport nr. 3: Lidvin M. Osland og Per Mangset: *Norwegian Cultural Policy. Characteristics and Trends,* 1995, 21 sider.

Rapport nr. 2: Gunnar Danbolt og Åse Enerstvedt: *Når voksenkultur og barns kultur møte.* En evaluerings rapport om de kulturformidlingsprosjekter for barn som Barnas Hus, Bergen, har satt i gang, 1995, 134 sider.

Rapport nr. 1: Mie Berg Simonsen: *Evaluering av Landsdelsmusikerordningen i Nord-Norge*, 1995, 90 sider.

Notatserien

Arbeidsnotat nr. 50: Ellen K. Aslaksen: *Fornyet og forbedret? – En evaluering av Norsk kulturråds innkjøpsordning for samtidskunst*, 2002.

Arbeidsnotat nr. 49: Jorun Spord Borgen: *Asprantordningen – ny stipendordning for nye kunstnerroller?*, 2002.

Arbeidsnotat nr. 48: Ane Aamodt: *Inn i teksten? En evaluering av et litteraturformidlingsprosjekt i Agder*, 2002.

Arbeidsnotat nr. 47: Geir Møller: *Evaluering av Fond for lyd og bilde (Kassettavgiftsfondet*, 2002.

Arbeidsnotat nr. 46: Odd Are Berkaak: *Fri for fremmede*. En evaluering av signalprosjektet Open Scene, 2002.

Arbeidsnotat nr. 45: Rikke Gürgens: *Tegn i tiden – minoritetskultur eller ren kunst?* Evaluering av Det norske Tegnspråkteater, 2001.

Arbeidsnotat nr. 44: Shanti Brachamachari (ed.): *New Stages*. Conference at Norsk kulturråd, February 2001.

Arbeidsnotat nr. 43: Jorunn Spord Borgen: *Møter med publikum*. Formidling av nyskapende scenekunst til barn og unge med prosjektet LilleBox som eksempel, 2001

Arbeidsnotat nr. 42: Odd Are Berkaak: *Seriøs og beskyttet*. En evaluering av Norsk musikkinformasjon, 2001, 85 sider

Arbeidsnotat nr. 41: Anne-Britt Gran: *Produksjon og formidling av opera og ballett i Norge*. Rapport fra konferanse i Haugesund mars 2000, 2000, 96 sider.

Arbeidsnotat nr. 40: Jöran Lindvall: *Utredning om norsk arkitekturmuseums utveckling*, 2000, 116 sider.

Arbeidsnotat nr. 39: Eivind Smith: *Inhabil eller inkompetent?* Om kravene til habilitet i Norsk kulturråd. 2000, 40 sider.

Arbeidsnotat nr. 38: Lars Marius Ulfrstad: *Evaluering av Kritikerakademiet*. 2000, 61 sider.

Arbeidsnotat nr.37: Odd Are Berkaak: *Evaluering av Norsk Kassettavgiftsfonds internasjonale lanseringsstipenf for musikere/artister 1998 - 1998*, 2000, 84 sider

Arbeidsnotat nr.36: Ellen Os: *Klangfugl - kulturformidling med de minste*. Rapport fra et forprosjekt i regi av Norsk kulturråd, 2000.

Arbeidsnotat nr.35: Kristin Ellefsen, Christian Lund, Ane Aamodt (red.): *Rom for kunst*. Rapport fra dagsseminar i regi Norsk kulturråd, 2000.

Arbeidsnotat nr.34: Svein Bjørkås: *Danse med ulver.* En analyse av virksomheten ved Nye Carte Blanche Danseteater AS 1996-1999. 1999, 29 sider.

Arbeidsnotat nr.33: Jørgen Langdalen og Per Mangset (red.): *Kultursektor i endring.* Rapport fra et forskningsseminar om kommunal kultursektor, 1999, 66 sider.

Arbeidsnotat nr.32: Halvor Fauske og Roel Pujik: *Ungdommens kulturmønstring og andre kulturtiltak for barn og unge – et kommuneperspektiv,* 1999, 95 sider.

Arbeidsnotat nr.31: Anne Wiland: *Skjønnheten og utstyret. Produskjonsnettverk for elektronisk basert billedkunst.* Innstilling fra arbeidsgruppe oppnevt av Norsk kulturråd 1997, 1999, 54 sider.

Arbeidsnotat nr.30: Anton Fjeldstad: *Norsk kulturråds innkjøpsordning for ny norsk faglitteratur for barn og ungdom 1996–1998 – ei evaluering,* 1999, 45 sider.

Arbeidsnotat nr.29: Dag Grønnestad: *Distribusjon og markedsføring av norske fonogrammer i de smale genrene,* 1999, 79 sider.

Arbeidsnotat nr.28: Anton Fjelstad: *På ramnevengar til utlandet?* MUNIN og faglitteraturen 1996-1998, 1998, 36 sider

Arbeidsnotat nr.27: Halvard Vike og Erik Henningsen: *Evaluering av "Nasjonalt nettverk for dokumentasjon av barns kultur*, 1998, 31 sider.

Arbeidsnotat nr.26: Jorid Vaagland: *Norsk kulturråds innkjøpsordning for samtidskunst og kunsthåndverk*, 1998, 68 sider.

Arbeidsnotat nr.25: Nils Asle Bergsgard, Erik Henningsen og Joar Sannes: *En evaluering av prøveprosjektet "Alternativ musikkundervisning" ved Dissimilis Kultur- og Kompetansesenter*, 1998, 60 sider.

Arbeidsnotat nr.24: Hilde Rudlang: *Barn og unges boklesing - en kunnskapsoversikt*, 1998, 44 sider.

Arbeidsnotat nr.23: Einar Økland: *Lynnesvägar - ein tøddel kystkultur*, 1998, 14 sider.

Arbeidsnotat nr.22: Sigurd Allern, Nils Asle Bergsgard og Brynjulv Eika: *Evaluering av tidsskriftet Kulturnytt*, 1997, 48 sider.

Arbeidsnotat nr.21: Arnfinn Åslund: *Bjørnstjerne Bjørnson og norsk kulturpolitikk,* 1997, 15 sider.

Arbeidsnotat nr.20: Øivind Danielsen: *Kommunale og fylkeskommunale utgifter til kulturformål 1991-95*, 1997, 48 sider.

Arbeidsnotat nr.19: Ellen Aslaksen: *Flerkulturelle tiltak i kultursektoren*, 1997, 46 sider.

Arbeidsnotat nr.18: Mie Berg Simonsen: *Musikkdilla*. Evaluering av et samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturråd, NRK og Rikskonsertene, 1997, 36 sider.

Arbeidsnotat nr.17: Aslaksen, Bjørkås, Mangset, Rønning: *Om St meld nr 47 (1996-97) "Kunstnarane"*, 1997, 30 sider.

Arbeidsnotat nr.16: Erling E. Guldbrandsen: *Evaluering av Oslo Sinfonietta*, 1997, 89 sider.

Arbeidsnotat nr.15: Georg Arnestad og Ove Osland: *Fritidskulturlivet i Norge - ein forstudie*, 1997, 63 sider.

Arbeidsnotat nr.14: Nils Asle Bergsgard: *Kunstskoleforsøket for barn og unge, 1994-96.* En oppsummering av erfaringer, 1997, 30 sider.

Arbeidsnotat nr.13: Ellen K. Aslaksen: *Evaluering av Kulturdepartementets utstillingstipend for billedkunstnere, kunsthåndverkere og frie fotografer, og Norsk kulturråds debutant- og utyrstyrsstøtte*, 1997, 43 sider.

Arbeidsnotat nr.12: Jon Bing: *Rettslige aspekter ved elektronisk formidling av materiale fra arkiv, museum, bibliotek, universitet og visse andre institusjoner*, 1996, 24 sider.

Arbeidsnotat nr.11: Georg Arnestad og Lidvin M. Osland: *Norsk kulturråd og det frivillige kulturlivet,* 1996, 10 sider.

Arbeidsnotat nr.10: Ellen Aslaksen, Svein Bjørkås og Per Mangset: *Kunstnerkår og kunstner politikk.* Tre prosjektbeskrivelser, 1996, 43 sider.

Arbeidsnotat nr. 9: Viggo Vestel: *Evaluering av «Oslo Groove Company»*, 1996, 38 sider. Arbeidsnotat nr. 8: Jon Bing: *Gjenbruk av Norsk rikskringkastings arkivmateriale*, 1996, 11 sider.

Arbeidsnotat nr. 7: Arvid O. Vollsnes: *Fonogramproduksjon og -distribusjon i Norge,* 1996, 54 sider.

Arbeidsnotat nr. 6: Geir O. Rønning: *Evaluering av opplæringsprogrammet KULTUR OG REISELIV,* 1995, 37 sider.

Arbeidsnotat nr. 5: Knut-Arne Futsæther: *Kartlegging av programinnholdet i P4*, 1995, 21 sider.

Arbeidsnotat nr. 4: Knut-Arne Futsæther: *Kartlegging av programinnholdet i nærradioer*, 1995, 78 sider.

Arbeidsnotat nr. 3: Geir H. Moshuus: *Kulturentreprenører i det flerkulturelle Norge.* En evaluering av Internasjonalt Kultursenter og Museum, 1995, 47 sider.

Arbeidsnotat nr. 2: Geir R. Johansen: *Evaluering av BIT 20 Ensemble,* 1995, 34 sider.

Arbeidsnotat nr. 1: Geir O.Rønning (red.): *Evaluering av prosjekter i Norsk kulturråd*, 1995, 27 sider.